

**Utval:** Fylkestinget  
**Møtestad:** Hotel Grand Terminus, Bergen  
**Dato:** 07.03.2017 kl. 10.00 - 16.05  
 08.03.2017 kl. 09.00 - 15.55

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A
Emil Lennart Pålakoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A Perm 08.03. frå kl.15.50.
Espen Berntsen	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Roald Kvamme	Medlem Fung. fylkesvaraordførar	A
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Per Lerøy	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A Møtte 07.03.
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A
Kjetil Hestad	Medlem	A Møtte 08.03.
Silje Hjemdal	Medlem	Frp Perm 07.03. kl.15.55
Roald Stenseide	Medlem	Frp Møtte 08.03 kl.10.00
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp
Gustav Bahus	Medlem	Frp Perm 07.03. /frå kl.14.30 og resten av tinget
Gunnar Bakke	Medlem	Frp Perm 08.03. frå kl.10.00 -12.00
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp Møtte 07.03.
Rosalind Fosse	Medlem	Frp
Mona Louise Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H Perm 08.03 kl.15.50
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Ragnhild Hus Fagerbakke	Medlem	H
Olav Kvinge	Medlem	H
Iiril Kirstine Schau Johansen	Medlem	H Perm 08.03. kl. 15.45
Christer Lilleskare Olsen	Medlem	H Møtte 08.03.
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
May Eva Sandvik	Medlem	H
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF
Pål Kårbø	Fung. fylkesordførar	KrF
Beate Husa	Medlem	KrF
Tor André Ljosland	Medlem	KrF
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG

Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Terje Kollbotn	Medlem	Rødt	
Nils T Bjørke	Medlem	Sp	
Benthe Enes Bondhus	Medlem	Sp	Møtte 07.03.
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV	07.03. frå kl.10.50
Anne Beth Njærheim	Medlem	V	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall til heile tinget:**

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun		
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Gro Berge	Medlem	A
Geir Kjell Andersland	Medlem	V
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall 07.03.2017:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kjetil Hestad	Medlem	A
Christer Lilleskare Olsen	Medlem	H
May Eva Sandvik	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall 08.03.2017:**

Namn	Funksjon	Representerer	
Benthe Bondhus	Medlem	SP	
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	Frå kl. 12.00
Gustav Bahus	Medlem	Frp	

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer	
Kari Fosseid Aakre	Anne Gine Hestetun	A	
Torgeir Toppe	Åse Gunn Husebø	A	
Torbjørn Reigstad	Gro Berge	A	
Elizabeth Toft Erichsen	Geir Kjell Andersland	V	Perm 08.03 frå 15.00,
Janniche B. Clarke	Linda Haugland Jondahl	A	
Øyvind Hardeland	Kjetil Hestad	A	Møtte 07.03.
Nils Kåre Skoge	Christer Lilleskare Olsen	H	Møtte 07.03.
Gunnar Molland	May Eva Sandvik	H	Møtte 07.03.
Inger Ulvund	Gustav Bahus/	Frp	Møtte 07.03 frå kl.14.30.
Inger Ulvund	Roald Stenseide	Frp	Møtte 08.03 kl.09.00-10.00.
Inger Ulvund	Gunnar Bakke	Frp	Møtte 08.03 kl.10.00-12.00.
Alexander Fosse Andersen	Benthe Bondhus	SP	Møtte 08.03.
Anita Garlid Johannessen	Renate Møgster Klepsvik	Frp	Møtte 08.03, perm frå kl.14.30.
Øyvind Hardeland	Kjell Gitton Håland	A	Møtte 08.03 frå kl. 12.00.

Christoffer Thomsen  
Ingrid Handeland

Gustav Bahus  
Elizabeth Toft Erichsen

Frp  
V

Møtte 08.03.  
Møtte 08.03 frå 15.00-  
15.55.

**Frå administrasjonen møte:**

---

<b>Namn</b>	<b>Stilling</b>
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Birthe Andersen Haugen	Seksjonleiar, Opplæringsavdelinga
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringssjef
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Gunbjørg S. Hanssen	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Pål Kårbø

Natalie Golis  
Underskrift

Roald Kvamme  
Underskrift

Sigrid Helene Aardal  
sekretær

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 8/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 9/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/17	Namn på region	2015/1434	
RS 2/17	Statusrapport samanslåing Etne/Ølen	2014/23406	
RS 3/17	Tillegg til referatsak 3/17 i OPHE 10.01.17 - Krav om nynorske læremidlar i vaksenopplæringa	2016/34568	
RS 4/17	Brev frå Odda kommune vedk. krav om nynorske lærebøker	2016/34568	
PS 10/17	Interpellasjonar/spørsmål		
PS 11/17	Budsjett 2017 – endringar – ny gjennomgang av investeringsbudsjettet.	2017/997	
PS 12/17	Finansforvaltninga i 2016	2014/927	
PS 13/17	Ny innkjøpspolitikk for Hordaland fylkeskommune	2017/1146	
PS 14/17	Refusjon av forskottering - avtale med Åsane Handel AS	2016/5571	
PS 15/17	Punktutbetring og trygg skuleveg - 2016 og 2017	2014/22427	
PS 16/17	Fylkesvegprosjekt i Kvinnherad - forskottering i framtidig Kvinnheradpakke	2016/35026	
PS 17/17	Sotrasambandet, Rv 555 (Storavatnet- Kolltveit) - bompengesøknad	2014/1015	
PS 18/17	Bomringen i Bergen - auka takstar	2014/22642	
PS 19/17	Ny takstsonestruktur i Hordaland	2015/7302	
PS 20/17	Eigarskapsmelding 2017	2017/1284	
PS 21/17	Fagskolane i Hordaland - utfordringar og moglegheiter	2017/85	
PS 22/17	Fagskolen i Hordaland og yrkesfagleg vidaregåande skule samlokalisert på Laksevåg	2016/4130	
PS 23/17	Produksjonsskule og fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes	2016/4130	
PS 24/17	Retningslinjer for namnesetting - vidaregåande skular i Hordaland	2017/541	
PS 25/17	Konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Hordaland fylkeskommune - Val av revisor	2014/10505	
PS 26/17	Målbruksplan for Hordaland fylkeskommune	2014/12059	
PS 27/17	Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2017/485	
PS 28/17	Endringar i reglement for "Godtgjersle til folkevalde"	2017/1229	
PS 29/17	Søknad om fritak frå verv	2017/732	
PS 30/17	Ymse		

## **PS 8/17 Godkjenning av møteinnkalling**

**Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017**

### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend.

Saklista vart godkjend utan merknader.

## **PS 9/17 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017**

Det var 56 representantar tilstades.

I samband med RS 2/17 – «Statusrapport samanslåing Etne/Ølen» la **Siri Klokkestuen, (A)** på vegner av forslagstillaren, Benthe Bondhus (Sp) og Mari Klokkestuen Kjellesvik (A) fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Hordaland fylkesting er uroa over arbeid for dei tilsette ved Etne vidaregåande skule når skulen vert slått saman med Ølen vidaregåande skule. Det er ingen vidaregåande skular i Hordaland i naturleg pendlaravstand.

Fylkestinget oppmodar om å inngå best mogeleg avtalar med Rogaland fylkeskommune på vegner av våre elevar og tilsette.

Fylkestinget vil oppmoda om at ein i det vidare arbeidet legg stor vekt på at dei tilsette ved Etne vgs må få tilbod om vidare tilsetjing ved Ølen vgs så langt det er råd.»

### **Røysting**

Klokkestuen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegne av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

### **Vedtak**

Referatsaker 1-4/17 vart refererte.

## **PS 10/17 Interpellasjonar/spørsmål**

**Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017**

### **INTERPELLASJON**

**Aud Karin Oen (SV)** hadde sendt inn slik interpellasjon:

#### **«Rekruttering av læreplassar !**

I Riksrevisjonens undersøking av styresmaktene sitt arbeid for å auke talet på læreplassar, Dokument 3:12 (2015-2016), finn ein mange gode tal og revisjonen har lagt fram mange nyttige opplysningar. Ifølgje samfunnskontrakten skal alle partar medverke i arbeidet med å rekruttere fleire lærebedrifter. Undersøkinga viser at det er eit stort potensial for å auke talet på lærebedrifter i alle fylke. I alt er det meir enn 92 000 verksemder med to eller fleire tilsette som ikkje har nokon lærling, men som driv innan bransjar der det allereie finst registrerte lærebedrifter.

Potensielle lærebedrifter, basert på talet på verksemder (fleire enn to tilsette) utan lærlingar og alle lærebedrifter, både i privat og offentleg sektor per mars 2015 syner at det i Hordaland er 8 199 verksemder med fleire enn 2 tilsette utan lærling og 2 075 med lærling, potensielle lærebedrifter i prosent er 80 % (kjelde: Riksrevisjonens undersøking av styresmaktene sitt arbeid for å auke talet på læreplassar Dokument 3:12 (2015–2016)).

Mange fylkeskommunar overlèt rekrutteringsarbeidet til opplæringskontora i fylket, utan at desse kontora nødvendigvis aktivt gjennomfører aktivitetar som direkte medverkar til at det vert etablert nye lærebedrifter. Under halvparten av fylkeskommunane (8 av 19) har kartlagt potensielle lærebedrifter i eige fylke.

Vidare fremja regjeringa i januar 2016 ein lovproposisjon med blant anna forslag om at offentlege oppdragsgivarar skal krevje at leverandørar av ei anskaffing er knytte til ei lærlingordning, og at éin eller fleire lærlingar deltek i arbeidet med oppdraget eller leveransen. Det går fram av forslaget at kravet skal gjelde i bransjar der Nærings- og fiskeridepartementet i forskrift har definert at det er særleg behov for lære plassar, og det kan òg bli avgrensa til å gjelde berre for kontraktar over ein viss verdi og ei viss tid. Hordaland fylkeskommune har store byggeprosjekt og anbod både på veg, bruer, skular, bussar, ferjer osv. Dette gjev eit stort potensiale i å skaffe lære plassar.

Spørsmål:

Kan fylkesordføraren gjere greie for:

1. Korleis vert rekrutteringsarbeidet av lærebedrifter ordaland fylkeskommune gjennomført?
2. Kor mange nye bedrifter har fylkeskommunen/opplæringskontoret spurdt om å ta inn lærlingar?
3. Korleis følgjer fylkeskommunen opp at det vert teke inn lærlingar i leverandørar av ei anskaffing? Finst det tal på dette?
4. Kor mange står utan tilbod om lære plassar?
5. Ser fylkesordføraren nokon moglegheit til å auke talet på lærebedrifter på bakgrunn av dei opplysningane som her framkjem?»

Fylkesordføraren svarte slik:

1. «Korleis vert rekrutteringsarbeidet av lærebedrifter Hordaland fylkeskommune gjennomført?

Fagopplæring sitt arbeid med å rekruttere nye lærebedrifter i offentlig og privat sektor er tatt inn i planen om arbeidskraft og kompetanse, som skal ha perspektiv for perioden 2017 – 2030. Planen er framleis under arbeid, og det kan kome endringar fram til planen vert vedteken. Hovudmåla i planen er

Betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland

- Arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kunnskap og kompetanse til å møte framtidige omstillingsbehov gjennom tilgang til relevante etter- og vidareutdanningstilbod og tilpassa utdanningsløp.
- Arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft og kompetanse skal vere styrande for dimensjoneringa av utdanningar som er særskilt etterspurd i den regionale arbeidsmarknaden
- Betre tilpassing mellom vidaregåande opplæring, fagskule og universitet/høgskule slik at det blir tydelegare og enklare å vandre på langs i utdanningssystemet
- Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentlig og gratis karriererettleiing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.

Hordaland fylkeskommune legg følgjande føresetnader til grunn for å lukkast med strategiane for å nå måla i planen. Strategiar skisserer korleis ein vil arbeide for å oppnå måla, kva verkemiddel som skal takast i bruk og kva for arbeidsmetodar som er mest relevante.

I regional plan for kompetanse og arbeidskraft er følgjande strategiar prioritert:

- Etablere eit forpliktande samarbeid om utdanningstilbod mellom næringslivet, kommunar og utdanningsaktørane
- Sikre eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om noverande og framtidig kompetansebehov i arbeidslivet

Tiltak:

- Utarbeide modell for forpliktande samarbeid om tilbod og etterspørsel av kompetanse og arbeidskraft i Hordaland mellom næringslivet, kommunar og utdanningsaktørane.
- Vidareutvikle metodar og verktøy for å skaffe seg oversikt over og kunnskap om arbeidsmarknaden og framtidige kompetansebehov som aktørane kan slutte seg til.
- Utarbeide eit opplegg for systematisk bruk og fortolking av analysane for å tilpasse utdanningstilbodet til arbeidslivet sine behov.

I tillegg til det som er nemnt ovanfor, er også «Aksjon lærebedrift», som er eit samarbeid mellom NHO, LO og fylkeskommunen, eit verkemiddel der partane i arbeidslivet kvar i sin del av arbeidslivet jobbar målretta for å auke talet på lærebedrifter i privat og offentleg sektor. Fagopplæringskontoret yter økonomisk tilskot til aktørane i ordninga.

2. Kor mange nye bedrifter har fylkeskommunen/fagopplæringskontoret spurd om å ta inn lærlingar?

Talet på tilgjengelege lære plassar kan vi ikkje seie noko om, men vi kan seie noko om kor mange intensjonsavtalar vi har med dei ulike læreverksemdene. Det er pr. i dag ca. 200 nye intensjonsavtalar. Sjølv om talet på intensjonsavtalar er høgt, er det svært usikkert om bedriftene tek inn like mange lærlingar som talet på intensjonsavtalar skulle tyda på. Fagopplæringskontoret opplever stadig at verksemdar ikkje kan ta inn lærlingar som planlagt då intensjonsavtalen blei send inn. Det kan vere hendingar som går direkte på verksemda sitt livsgrunnlag, som tap av anbod, eller svikt i etterspurnad etter varer og tenester frå verksemda.

3. Korleis følgjer fylkeskommunen opp at det vert teke inn lærlingar i leverandørar av ei anskaffing? Finst det tal på dette?

Innkjøpsseksjonen jobbar saman med dei ulike innkjøpseiningane for å få på plass gode og felles rutinar for fylkeskommunen i samband med at nytt regelverk, inkludert eiga forskrift om krav til bruk av lærling, trådte i kraft 1. januar. Ny innkjøpspolitikk for fylkeskommunen ligg som sak til fylkestinget, og som følgje av dette vil også arbeidet med felles rutinar for oppfølging vidareutviklast så langt det er hensiktsmessig. Innkjøpsseksjonen sine standardiserte kontraktsoppfølgingsrutinar inkluderer pr. i dag oppfølging av mellom anna løns- og arbeidsvilkår, og eige domsavdelinga får månadleg rapport om bruk av lærling frå leverandør av totalentreprise på Bergen katedralskole. Pr. i dag er det ikkje henta inn eit samla tal for kor mange lærlingar som er i arbeid på ulike kontraktar for Hordaland fylkeskommune.

4. Kor mange står utan tilbod om lære plassar?

Det er ikkje mogleg å svare på kven som ikkje får lære plass før tidsfristen for formidling til lære plass er passert. I følgje lokal inntaks- og formidlingsforskrift er fristen for formidlinga sett til 15. august.

Formidling til lære plass skjer etter følgjande kriterium:

Kriteria for inntak til Vg3 er etter forskrift til opplæringslova §6A-1: Verkeområde og vilkår for formidling til lære plass som lærling eller lære kandidat. Kravet er at søkjarar til lære plass som lærling må oppfylle vilkåra til neste trinn for å kunne bli formidla til opplæring i bedrift på neste trinn. Dette inneber mellom anna at søkjaren må ha bestått faga innanfor programområdet på Vg2 jf. §6-28 for å kunne formidlast til Vg3, eller ha faglege føresetnader for å følgje opplæringsåret på neste nivå, jf. §6-37.

§ 6A-9. Rett til Vg3 i skole

Søkjarar som har lovfesta rett til opplæring etter opplæringslova § 3-1, men ikkje får tilbod om lære plass, har rett til inntak i eit programområde på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkjaren har gjennomført. Fylkeskommunen skal tilby søkjaren opplæring i skule dersom søkjaren ønskjer det, og dersom dei ikkje kan skaffe lære plass innan 1. september. Tilsvarande plikt til å tilby opplæring i skule gjeld der lære planverket fastset eit anna opplæringsløp.

Det er også presisert i lokal forskrift kap. 3 Formidling §25 første ledd: Alle søkjarar med opplæringsrett vert formidla etter at søknadsfristen er gått ut. Søkjarar som ikkje er kvalifisert til

formidling, vert tekne ut av formidlinga seinast 1. august. § 25, andre ledd: Søkjarar med opplæringsrett som ikkje har fått læreplass innan 15. august, skal få tilbod om Vg3 i skule innan 15. september.

Det er per dato ikkje mogleg å seie noko om kor mange søkjarar som vil stå utan tilbod om læreplass hausten 2017 før formidlinga til læreplass er avslutta innan 15. august. Det vi kan seie, er at dersom vi legg til grunn tala frå hausten 2016 over dei som var kvalifisert til formidling til læreplass, men starta i alternativ slutttopplæring i skule, kan dette vere ein indikator på kva som kan bli resultatet for hausten 2017.

Fordelinga i faga for 2016 blei som følgjer:

Frå Vg2 kjøretøy starta 9 elevar. Vg2 Industriteknologi 16 elevar i platefaget, sveisefaget og industrimekanikarfaget. 10 elevar i CNC-faget. Frå Vg2 elenergi starta 14 elevar. Frå Vg2 maritime fag starta 10 elevar. Frå Vg2 IKT-servicefaget starta 19 elevar.

Ovannemnde tal er ein peikepinn på behovet i åra som kjem. Det skal også nemnast at 10 elevar frå Vg2 brønnteknikk fekk tilbod om påbygg til allmennfag. Det var ikkje mogleg å etablere eit Vg3-tilbod for denne gruppa innanfor dei økonomiske rammer som var tilgjengelege. Dei fikk retten sin gjennom Vg3 påbygg.

5. Ser fylkesordføraren nokon moglegheit til å auke talet på lærebedrifter på bakgrunn av dei opplysningane som her framkjem?

Med bakgrunn i ovannemnte opplysningar ser fylkesordføraren gode moglegheiter for å auke talet på lærebedrifter. Det er likevel ikkje mogleg å gje nokon garanti eller eit tal på kor mange nye lærebedrifter ein ser føre seg då planen er under arbeid, og fleire bransjar opplever konjunktursvingingar. Særleg industri, olje- og gassnæringa har vore utsett dei siste åra.

Aksjon lærebedrift, som er eit samarbeid mellom NHO, LO og fylkeskommunen, er etter søknad frå partane vidareført i 2017. Dette gir oss tilgang til heile bedriftsregisteret til NHO og tillitsmannsapparatet til LO. Eit strategisk godt samarbeid med partane i arbeidslivet er heilt avgjerande for ei velfungerande lærlingordning. Gjennom dette samarbeidet synleggjer vi også trongen for læreplasser.

Eitt av dei viktigaste tiltaka fylkeskommunen gjennomfører som ein del av samfunnskontrakten for fleire læreplassar, er å opprette ein arbeidslivkoordinator ved 5 vidaregåande skular i fylket. Dette er eit konkret tilsvar til målet i samfunnskontrakten om å etablere lokale nettverk for å skaffe fleire læreplassar. Desse skal vere eit bindeledd mellom skulen og lokalt arbeidsliv. Koordinatorane skal vere ein ressurs for elevar og skule, både i arbeid med å hjelpe elevar i å få relevant yrkesfagleg fordjuping (YFF) og betre moglegheit for læreplass. Desse koordinatorane blir lærde opp i eit nytt verktøy for fleire læreplassar som er utarbeidd i samarbeid med fylka og Nasjonalt senter for IKT. Dette verktøyet skal gje lærarar og elevar god oversikt over godkjente lærebedrifter og bedrifter som potensielt kan bli lærebedrifter. Særleg det siste vil vere eit viktig element for å auke talet på læreplassar. Adressa til den nye nettressursen er <https://utdanning.no/finnlarebedrift>

Prosjektet blei vedteke i fylkestinget gjennom forslaget «Auka gjennomføring i yrkesfaga» saksnr PS 162/2016.

Prosjektleiar og prosjektmedarbeidar blei tilsett frå 01.01.2017, og dei første koordinatorane vert tilsette i juni 2017.»



## SPØRSMÅL

1. May Eva Sandvik (H) hadde sendt inn slikt spørsmål:

### «Psykososialt miljø i den vidaregåande skulen

Det psykososiale miljøet er svært viktig for den enkelte elev sin trivsel og læringsvilkår i den vidaregåande skulen. Det er derfor nyttig og viktig med informasjon og kunnskap om dette tema både for føresette og ikkje minst oss som skuleeigar.

Høgre ved statsminister Erna Solberg har nok ein gong sett det psykososiale miljøet på dagsorden. Sjølv om alle er samde om at det er nulltoleranse for mobbing, så eksisterer det store utfordringar både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. «Jeg vil ha kampen mot mobbing som punkt en, fordi det er et av de viktigste målene vi kan ha for å gi barna våre en bedre hverdag», seier statsminister Erna Solberg.

I opplæringslova § 9a-3 1. ledd heiter det: «Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte skal oppleve tryggleik og sosialt tilhør»,

Spørsmål 1:

Korleis arbeider Hordaland fylkeskommune aktivt og systematisk for å fremje eit godt psykososialt miljø i den vidaregåande skule?

Spørsmål 2:

I opplæringslova § 9a-3 3. ledd heiter det: «Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogeleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova».

Kor mange enkeltvedtak er gjort i den vidaregåande skulen i Hordaland frå skuleåret 2015/2016 og fram til i dag? Og korleis fordeler dette seg på dei enkelte skulane?

Spørsmål 3:

I opplæringslova § 9a-3, 3. ledd, siste setning: «Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort eit enkeltvedtak»,

Kjenner fylkesordførar til at det har vore klaga frå elevane/foreldra utan at det føreligg eit enkeltvedtak, i så tilfelle kor mange klager gjeld dette, og kjenner fylkesordførar til om elevar som mobbar eller vert mobba har bytta skule?»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Spørsmål 1:

Hordaland fylkeskommune arbeider aktivt og systematisk for å fremje eit godt psykososialt miljø i den vidaregåande skulen. Det systematiske arbeidet er forankra i lovverk (opplæringslova § 13-10, § 9a-1, § 9a-3, 9a-4 til 9a-7) og sett i verk gjennom skuleeigar sine rutinekrav i kvalitetssystemet, i system for verksemdbasert vurdering og i kompetanseheving av skuleleiarar, elevråd, elevteneste, elevinspektørar og andre tilsette med særleg ansvar for skulemiljøet.

Skuleeigar og skulane har fokus både på førebygging og på handsaming av einskildsaker. Elevar og foreldre som treng rettleiing kan ta kontakt med mobbeombodet. For å halde oversikt over type og tal saker er det eit krav i rutinen frå skuleeigar at skulen skal sende kopi av enkeltvedtak frå skulane. Vidare er skuleeigar involvert i arbeidet med klagesaker til Fylkesmannen. Desse systematiske grepa er tekne for at skuleeigar skal kunne støtte og følgje opp skulane, og eventuelt setje i verk større systematiske grep der det er naudsynt.

**Kvalitetssystemet – Rutinar og retningslinjer for oppfølging av lovkrav omfattar mellom anna:**

- Rutinar knytt til krav om internkontroll i skulane skal sikre at krava i opplæringslova kap. 9a blir følgt opp i tråd med lovverket. Til hjelp i dette arbeidet er det utarbeidd ei eignevaluering til bruk for skulane. I skulane si eigenrapportering meiner til dømes 77% av skulane at dei har på plass rutinar for å gjere enkeltvedtak.

- Krav til systematikk og dokumentasjon av det førebyggjande arbeidet med psykososialt skulemiljø. Gjennom skulemiljøutvalet involverer skulane tilsette, elevar og føresette. Mål, tiltak og rutinar skal evaluerast årleg.
- Fylkesdirektør opplæring har vedteke at skuleeigar skal gjennomføre tilsyn med skulane på grunnlag av risikobasert analyse. Det skal gjennomførast tilsyn ved eit utval skular kvart år. Rutinar for tilsynsbesøk er utarbeidd og ligg i kvalitetssystemet. Det er så langt ikkje gjennomført tilsyn med skular, men det skal etter planen gjennomførast nokre tilsyn i løpet av 2017.

#### **System for verksemdbasert vurdering:**

- Det kanskje viktigaste grunnlaget for innsatsen i det førebyggjande arbeidet kjem fram av signala som er gitt i styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane. I dette dokumentet blir det konkretisert kva ansvar skuleleiarar, lærarar og elevar har for å sikre nulltoleranse for mobbing og eit helsefremjande skulemiljø. Dette arbeidet blir følgt opp gjennom fylkesdirektøren sin styringsdialog og i skulebesøka.

#### **Kompetanseheving i arbeidet med førebygging og fremjing av eit godt psykososialt miljø:**

- Årleg konferanse om skulemiljø for rektorar, elevinspektørar og elevråd med aktuelle tema og foredragshaldarar.
- Årleg fagdag for elevinspektørar (f.o.m. 2016) med aktuelle tema innan førebygging, inkludering og psykososialt miljø.
- Kurs i 2016/17 som ble halde av læringsmiljøsenderet i Stavanger.

#### **Ombudsordningar:**

- Ordninga med mobbeombod er under evaluering etter at ombodet har vore tilsett i ei prosjektstilling sidan august 2014. Mobbeombodet har mellom anna arrangert kurs for lærarar og rettleia skular i handtering av enkeltsaker.
- Elev- og lærlingombod er tilsett frå januar 2017. Til liks med mobbeombodet er tilsettinga ei styrking av elevar og lærlingar sitt vern og kompetanseheving for skular og skuleeigar. Ei styrking av elevmedverknaden er ein naudsynt del av det systematiske arbeidet med fremjing av eit godt psykososialt miljø.

#### **Spørsmål 2:**

På grunnlag av innhenta informasjon pr. 01.03 kan det sjå ut som om det er gjort om lag 75 enkeltvedtak i dei vidaregåande skulane frå 2015/16 og fram til no. Dette talet byggjer på rapportering frå skular, men grunna ferieavvikling har det ikkje vore mogleg å få fram heilt sikre tal. På fleire skular er det berre gjort eit vedtak. Av omsyn til personvern i einskildsaker er det ikkje høve til å spesifisere tala på dei enkelte skulane.

#### **Spørsmål 3:**

Fylkesordføraren har ikkje tal som kan vise klager frå elevane/foreldra utan at det har lagt føre enkeltvedtak. Mobbeombodet sine tal viser at det har kome om lag 15 saker har blitt meld inn frå elevar og føresette. I om lag fire av desse sakene burde det etter ombodet si vurdering ha vore fatta enkeltvedtak.

Fylkesordføraren kjenner til at elevar som har mobba, og elevar som har vorte mobba har bytta skule, men det er vanskeleg å få fram korrekte tal fordi vi ikkje alltid har sikker kunnskap om årsaker til skulebyte.»

## **2. Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:**

«Det er store medieoppslag om russelåten som omtalar overgrep mot mindreårige, rus og sex. Russebusen Playboy 2017 består av russ frå Amalie Skram vidaregåande skule, Nordahl Grieg vidaregåande skule, Fana Gymnas og Stend vidaregåande skule. Dette er våre elevar og det er tydeleg at dei treng ein kraftig korleksjon i høve til det dei her driv på med. Reglementet til vgs omfattar ikkje aktivitetar utanom skuletida slik eg oppfattar det. Her trengs det gjerast noko. Kan ein sjå på eit etisk reglement e.l. for å kunne setja stopper for slik åtfærd. Me kan ikkje sitja stille og la dette gå forbi utan at ein tek affære!»

Fylkesordføreren svarte slik:

«Fylkesordfører informerer om at Hordaland fylkeskommune har lang tradisjon med eit samarbeidsforum knytt til russefeiring. Ei eiga samarbeidsgruppe består av representantar for rektorane og elevinspektørane, politiet, skulehelsetenesta, Trygg trafikk, opplæringsavdelinga og hovudrussestyret i Bergen. Gjennom dette samarbeidet og ein kjent møteplan, ønskjer fylkesrådmannen å leggje til rette for ei tryggare russefeiring for avgangselevar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, slik at flest mogleg gjennomfører og består.

Å skape ein god dialog med og bidra med relevant informasjon til hovudrussestyret, er ein viktig del av arbeidet i samarbeidsgruppa. I møta har både politi og skulehelsetenesta understreka krav om at russen må kjenne til og halde seg innanfor lov, forskrift og regelverk gjennom russetida.

Russefeiringa er i privat regi og er såleis utanfor skulen og skuleeigar sitt ansvars- og styringsområde. Likevel legg skular og skuleeigar arbeid ned i å styrke det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet med tanke på tryggast mogleg russetid. Skulane ser det som ei viktig oppgåve å informere klart og tydeleg overfor foreldra, og temaet russefeiring vert ved fleire skular teke opp allereie frå vg1. Politiet er ein viktig part også når det gjeld informasjon overfor føresette.

Samarbeid med politi, helse og russestyret er prioritert for å kunne påverke til grensesetting og ansvarleggjering i høve til russefeiringa, t.d. reglar for russeknutar og arrangement som held seg innan lovlege grenser. Åtferd innan skuledagen (eller som har innverknad på skulekvardagen) handterer skuleleiinga i tråd med skulen sitt ordens- og åtferdsreglementet.

I samband med medieoppslag førre veke, har det vore tett dialog mellom nemnde rektor ved Amalie Skram vidaregåande skole, regionsleiar og politi. I media har både rektor og politiet tatt tydeleg avstand frå tekstane i den aktuelle russelåten.

I 2016 og no i 2017 har det kome russelåtar med innhald som heilt klart er uakseptable. Det vart i 2016 og no i 2017 klart markert at slike tekstar og slike handlingar gjer at ein vanskeleg kan samarbeide med russestyret eller russepresidentar. Både i 2016 og i 2017 har markering frå skuleleiing og skuleeigar ført til endringar i opplegget som russen er ansvarleg for. Dei fleste elevane tek nok avstand frå haldningane og frå den aktuelle russelåten. Markeringa av grenser og kritikken mot teksten i russelåten har bidrege til at teksten vert justert.

Fylkesordføreren ser det som viktig å vurdere skuleeigar sitt framtidige samarbeid med russestyret.»

### **3. Marthe Hammer (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

#### **«Medmenneskelighet på bybanen**

Viser til innlegg «Hverdagsintegrering på bybanen» i BT 5. mars 2017:

<http://www.bt.no/btmeninger/debatt/Hverdagsintegrering-pa-Bybanen-331342b.html>

Der en gruppe innvandrere skal ta bybanen i vinterferien, de er 4-5 voksne og har med seg to barn i barneskolealder. «Barna viser skolekort, og får beskjed om at disse ikke gjelder i vinterferien. Etterpå blir det spørsmål om ikke barn kan reise gratis på de voksne sin billett. Nei, det kan de ikke. På veldig dårlig norsk prøver en eldre bror å forklare at barna skal på et arrangement på skolen, som skolen arrangerer for de barna som ikke er på vinterferie. De forklarer at skolen har forklart til de at barn kan reise på voksne sin billett. Det hjelper heller ikke. Kontrolløren gir beskjed om at reglene er endret, og de får spørsmål om de vil betale boten på stedet. De får videre beskjed om at de kan klage på boten gjennom å sende en klage til Skyss.»

Innsenders og «andre medpassasjerers involvering og medmenneskelighet hjelper ikke mye i denne situasjonen. Regler er regler.»

Denne dagen i vinterferien hadde skolen tatt et tak for å øke hverdagsintegreringen. De hadde laget et arrangement for alle de barna som ikke var på vinterferie. Barn som ikke har bestefar

og bestemor på hytten. Som ikke har penger til å reise noen steder. Men kan ta Bybanen. For skolekort har de jo. Bare så synd at det ikke kunne brukes i vinterferien.

Spørsmål til fylkesordføreren:

- Er det riktig at skolekort ikke gjelder i vinterferien?
- Reglene har blitt endret. På hvilken måte har denne informasjonen blitt gjort kjent?
  - Har den vært opp på skjermene i alle vognene nå i vinterferien?
  - Finnes det for eksempel informasjon på flere språk?
- **Hvor hensiktsmessig** og hvor lønnsomt er det å innskrenke barns skolekort i en ukes vinterferie?
- Dette eksemplet viser hverdagsintegrering i praksis, gjennom at skolen tilrettelegger for arrangementet i vinterferien.
  - På hvilken måte kan hordaland fylkeskommune og skyss legge til rette for at arrangement av skolen i vinterferien og andre ferie dekkes gjennom skolekortet, slik at barn og unge kommer seg på slike viktige inkluderende arrangementer?»

Fylkesordføreren svarte slik:

«Skulekort er knytt til det nasjonale regelverket for skuleskyss, som regulerer at kommunane skal finansiere skulereise for elevar som etter gitte kriterium har rett på gratis skuleskyss. Skulekortet er knytt til den enkelte eleven, og kommunen har gjennom skulekortsystemet betalt for to reiser dagleg i skuleårets 190 skuledagar: Ei reise til skulen og ei reise heim att. Skulekortet dekkjer såleis ikkje reiser på andre strekningar, på fritida eller i skuleferier. På slike reiser må eleven sjølv kjøpe billett, på lik linje med alle andre reisande. Kwart skulekort blir utdelt i ei kortmappe saman med ei lita trykksak der reglane er tydeleg formulert.

Dersom skulekort skal dekkje fleire reiser enn dei som kommunen har betalt for, må dette finansierast utover dei 190 skuledagane.

I den aktuelle saken er gebyret til kunden sletta, uavhengig av medieomtalen av saka. I sakshandsaminga hos Skyss blir ein del gebyr sletta allereie før dei blir fakturerte, eller refundert dersom dei er blitt betalt på staden, på bakgrunn av formelle feil, særskilte omstende eller andre tilhøve. Situasjonen som vert beskrive i lesarbrevet er ei av dei type sakene som blir sletta når gebyret kjem inn, i dette tilfellet på bakgrunn av ei nyleg regelendring. Familierabatten, som familien var blitt opplyste om at dei kunne nytte, vart endra med verknad frå 1. februar. I ein overgangsperiode sender Skyss ut informasjonsbrev i staden for faktura til kundar som er blitt tekne i kontroll knytt til feil bruk av familierabatt. Dette gjeld berre førstegangstilfelle, så dersom ein kunde blir tatt i ny kontroll for det same tilhøvet, vil gebyret sjølv sagt ikkje bli sletta.»

#### 4. Silje Hjemdal (Frp) hadde sendt inn slikt spørsmål:

##### «Velferdsteknologi for langtidssyke skoleelever

I en interpellasjon før jul tok jeg opp viktigheten av å tilrettelegge for langtidssyke barn og unge. Dette for å både gi tilpasset undervisning, men også av helsemessige og sosiale grunner.

I BA 2. mars kunne vi lese om Marthe som er elev ved Krokeide vgs som følger undervisningen via roboten AV1 når hun ikke er i stand til å følge ordinær undervisning.

<https://www.ba.no/nyheter/vitenskap-og-teknologi/medisin-og-helse/marthe-25-folger-undervisningen-via-en-robot-i-klasserommet/s/5-8-527487>

Dette er et av mange eksempler på hvordan skoleelever nå har en mulighet til å delta og føle seg inkludert i skolehverdagen. En slik deltakelse vil også kunne redusere risikoen for frafall, og det til en rimelig penge.

For mange kan følelsen av å ikke være inkludert i skolefelleskapet føles som en ekstra sterk belastning i tillegg til sykdommen.

Flere unge som er elever ved våre skoler bør nå få muligheten til å benytte seg av slike hjelpemidler. Nå fremstår det som tilfeldig hvilke skoler som prioriterer å gi et slikt tilbud.

I sak PS 90/16 vedtok fylkestinget følgende; *Vedtak Hordaland fylkesting ber administrasjonen legge frem en sak som belyser muligheten for et prøveprosjekt med velferdsteknologi for å forhindre isolasjon og ensomhet blant langtidssyke barn og unge i videregående skole*

Spørsmålet blir da;

1. Vil Hordaland fylkeskommune oppmuntre skolene i fylket til å benytte seg av velferdsteknologi, som for eksempel AV1, som en del av tilpasset undervisning for langtidssyke?
2. Når er det forventet at Hordaland fylkesting får en egen sak om prøveprosjekt med velferdsteknologi slik som vedtatt i sak 90/16?»

Fylkesordføreren svarte slik:

«Fylkesordføreren viser til vedtak i PS 90/16 og informerer om at det vil bli lagt fram ei politisk sak for fylkestinget i juni som gjer greie for korleis administrasjonen føreslår å prøve ut ny velferdsteknologi. Målet er å skaffe eit betre kunnskapsgrunnlag og undersøke om ny teknologi kan bidra til å redusere isolasjon og einsemd blant langtidssyke born og unge i vidaregåande skule. I saka vil det gå fram at fylkesrådmannen vil lage ei utlysing der skulane vil bli oppmoda til å delta i eit utprøvingssjunkt i 2017-18.»

**5. Silje Hjemdal (Frp)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

**«Fritt skolevalg i den nye regionen**

1. mars kunne vi lese på NRK at elever i både Sogn og Fjordane og Hordaland krever å få velge fritt mellom de ulike videregående skolene i den nye Vestlandsregionen.

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/ungdomane-vil-velje-fritt-i-den-nye-vestlandsregionen-1.13400698>

Ettersom fritt skolevalg har vært en suksess i Hordaland, ser FrP ingen grunn for at man ikke skal legge dette til grunn for den nye regionen. Fritt skolevalg er høyt verdsatt hos elevene, og det må kunne forventes at deres rettigheter ikke skal svekkes av at S&F og HFK går sammen.

Det er mange skoleungdommer som har spørsmål om dette, og frykter at politikerne skal ta fra dem deres valgfrihet. Ettersom det er uavklart hvordan inntaket til de videregående skolene i regionen skal organiseres, er det viktig at politikerne sender et tydelig signal om hva de ønsker.

Vår skoleungdom fortjener at vi tar dem seriøst når de er så tydelige på at det frie skolevalget må bevares.

Spørsmål;

1. Vil fylkesordføreren sende et tydelig signal til vår skoleungdom om at de får beholde fritt skolevalg i den nye regionen?
2. Kan fylkesordføreren kort orientere Hordaland fylkesting om videre prosess med inntaksarbeidet?»

Fylkesordføreren svarte slik:

«Begge fylka har i dag eit fritt skuleval basert på karakterstyrt inntak. Det er det nye regiontinget som fastset inntaksreglementet i den nye regionen.»

**6. Terje Kollbotn (R)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

1. «Nyleg la regjeringa, med støtte frå V og KrF fram eit nytt Norgeskart med ny inndeling av landet i kommunar og regionar. Fylkesordføreren gav då uttrykk for, m.a. i NRK, at han var skuffa over at regjeringa ikkje hadde gjennomført tvangssamanslåing av Rogaland med Hordaland og Sogn og Fjordane. Var dette eit soloutspel frå fylkesordføreren, eller var dette forankra i eit politisk fleirtal i fylkestinget?

2. Regjeringa har til no signalisert at dei planlegg å flytte 1200 statlege arbeidsplassar ut frå Oslo til andre deler av landet i samband med regionsreforma. (Til samanlikning har det blitt etablert ca. 4000 nye statlege arbeidsplassar i Oslo dei siste åra). Er fylkesordføraren nøgd med desse ambisjonane frå regjeringa - og kor mange nye statlege arbeidsplassar forventar han til Hordaland som ein del av regionreforma?
3. Hordaland fylkesting vedtok på sitt førre ekstraordinære møte at det var eit vilkår for samanslåing mellom Hordaland og Sogn og Fjordane at det vart tilstrekkeleg med overføring av meiroppgåver og statlege arbeidsplassar til fylket vårt. I motsett fall skulle Hordaland halde fram som eige fylke. Når trur fylkesordføraren at fylkestinget kan ta endeleg stilling til om desse vilkåra er oppfylt?»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Spørsmål 1:

Fylkesordføraren er skuffa over at dei tre fylka ikkje vert slått saman. Det er i tråd med fleirtalsvedtak i fylkestinget i Hordaland, som to gonger har vedteke at ein støttar intensjonsplanen som vart framforhandla, og med utgangspunkt i den, søkte Stortinget om samanslåing av dei tre fylka.

Spørsmål 2:

La meg først slå fast at regionreforma og utflytting av statlege arbeidsplasser er to ulike prosessar. Fylkesordføraren ønskjer så mange arbeidsplassar som mogleg i vår region. For meg handlar regionreforma om overføring av oppgåver. Sjølv sagt vil større oppgåver kunne gje fleire arbeidsplassar. Mange av dei oppgåvene vert allereie handtert av regionale aktørar her hjå oss, som til dømes fylkesmannen.

Spørsmål 3:

Det er Stortinget som tar avgjerda i denne saka, og derfor vert det ikkje noko ny handsaming av dette spørsmålet.

**7. Natalie Golis (MDG)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

**«Bruk av salt på fylkesveiene: Reduser veisaltingen**

Hordaland MDG er kjent med at veisalting forårsaker omfattende, alvorlige og enormt kostbare følgeskader på kjøretøy, betongkonstruksjoner, vei, vegetasjon, matjord, innsjøer, drikkevann, grunnvann samt natur og miljø for øvrig.

MDG er også kjent med rapporten fra Transportøkonomisk Institutt (TØI / Bjørnskau, rapport nr. 1171/2011) hvor veisaltingens effekt på trafikksikkerheten er kraftig nedjustert sammenlignet med tidligere påstander fra Statens Vegvesen.

Rapporten konkluderer også med at veisaltingen generelt ikke har noen positiv effekt på de alvorligste vinterulykkene, ref. kapittel 4.4.2. Rapporten påpeker også at de alvorligste vinterulykkene kan øke ved salting i nordlige områder, i innlandskommuner, ved snøfall og i kulde. Dette er i så fall relevant for vestlandske forhold.

MDG mener at fylkeskommunen skal ha som mål å kraftig redusere forbruket av veisalt, ved å avvikle bruken av veisalting på fylkeskommunale veier med ÅDT <5000. Dette bør også inkludere salt i strøsand. Veisalting i sårbare områder som ved drikkevannskilder og innsjøer mener MDG skal avvikles umiddelbart.

Bruk av veisalting kan tillates på de mest trafikkerte veiene med ÅDT >5000 ved at disse får saltbruk tilsvarende driftsklasse D (DkD). Dermed brukes veisalting kun unntaksvis og hovedsakelig i overgangsperiodene høst og vår ved temperaturer over -3 grader. Brøytesyklusene kan dog ved behov justeres tilsvarende høyere driftsklasser på alle typer fylkeskommunale veier.

MDG er kjent med at gjennomsnittshastighetene midtvinters kan bli redusert med opptil 5-10 km/t på de veiene som får endret driftsklasse og dermed mer vinterføre. Vi er også kjent med Stortingets "Nullvisjon" og anser derfor en slik moderat reduksjon i gjennomsnittshastigheter som en stor fordel i forhold til alvorlige vinterulykker, da disse vil bli redusert som følge av reduserte hastigheter, ref. TØI-1171/2011, kap. 4.4.2.

Salting fører til oppgitthet blant bileiere som opplever farlig rust i bremsesystemer på bilene. Forfallet i bilparken øker raskere enn det behøver, også det er en miljøutfordring. Argumentet med sikkerhet er viktig, da slaps og salt i snølagt veibane fører til fare ved dårlig sikt på bilrutene.

Spørsmål:

- Vil fylkesordføreren ta konkrete grep for at fylkeskommunen skal ha økt satsing på mekanisk fjerning av snø/ is og strøing med sand/ fastsand, samt vurdere økt bruk av vinterfartsgrenser?
- Hva er fylkeskommunens årlige forbruk av veisalt – og hva er kostnaden?
- Har fylkesordføreren planer om konkrete grep som kan redusere veisaltingen i Hordaland, for eksempel samarbeid omkring forskning eller kompetanseheving med andre fylker eller med forskningsmiljø i Sverige?
- Vil fylkesordføreren kreve at kontrakter som inngås på vedlikehold av veinettet må inneholde klare retningslinjer for å unngå salt og bevare naturmangfold langs veiene våre?
- Har fylkesordføreren kjennskap til om det er skjedd noen skader på innsjøer pga. veisalting i vårt fylke?

Jmf:

<http://www.vegvesen.no/Om+Statens+vegvesen/Presse/Pressemeldingsarkiv/Vegdirektoratet/28-av-63-innsj%C3%B8er-skadet-av-vegsalt>»

Fylkesordføreren svarte slik:

1. Innleiingsvis må det seiast at Statens vegvesen (SVV) har eit kontinuerleg fokus på å redusera saltforbruket, slik at forbruket vert optimalisert i forhold til trafikktryggleik, framkomst/regularitet og miljøkonsekvensar. Vegdirektoratet har utarbeidd handbøker til bruk for drift og vedlikehald av vegnettet. I HB R610 finn ein retningslinjene for bruk av salt. Ved revisjon av denne handboka vart resultatata i TØI-rapporten som er nemnt over teke omsyn til.

På vegar med høg trafikk har strøsand den ulempa at den fort vert blåst vekk, og effekten er difor kortvarig. Alternativet med strøsand er heller ikkje utan miljøkonfliktar, då avrenning med sand/slamhaldig vatn til dei same resipientane, kan medfører auka slamnivå og dårleg vasskvalitet.

Spørsmålet om eigne vinterfartsgrenser har ikkje vore vurdert som eit aktuelt tiltak. Vintertilhøva på vegane vil uansett variera mykje alt etter geografi og topografiske tilhøve. Bilførarar sitt pålegg om å tilpassa farten etter forholda vil alltid vera ein viktig faktor for å sikra trafikktryggleiken.

2. Årleg forbruk av vegsalt og kostnader.

Vinteren 2014/15 vart det nytta 21600 tonn salt, og 2015/16 vart det brukt 19250 tonn. Det er ikkje råd å finna kostnaden direkte, då ein vesentleg del av den går inn som ein del av vinterdrifta.

3. SVV har fokus på oppfølging av vinterdriftsmengder, med betre opplæring av byggherre og oppfølging av entreprenørane. SVV har også samarbeid med, NTNU og dei andre nordiske landa for auke kompetanse, utveksle erfaring mv. om vinterdrifta generelt samt vidareutvikle beslutningsstøtte for entreprenørane. Vidare pågår det i Hordaland eit forsøk med redusert salting på nokre gang- og sykkelareal for å redusere saltforbruk og økonomisk besparing. For dette gang- og sykkelarealet vert salt berre nytta ved påfrysingar. På nokre køyrevegar/område med krav til bruk av salt, er tida for gjenoppsetting av bar veg forlenga for å redusere saltforbruket.

4. Å vinterdrifte utan salt, er ikkje praktisk (gjennomføringsevne, regularitet og økonomi), miljømessig (støv og slamavrenning) eller realistisk ut frå trafiktryggleiksmessig synspunkt. Det er såleis ikkje konkrete planar om å fråvika HB R610 sine retningslinjer for salting av vegar.
5. Skade på innsjøar har me ingen god dokumentasjon på. I samandraget i rapporten frå NIVA som det vert synt til i spørsmålet "[Vegsalt og tungmetaller i innsjøer langs vegar i Sør-Norge](#)" heiter det:

Statens vegvesen har ønsket å belyse de vannkjemiske konsekvensene av avrenning fra vegar til og innsjøer, omfanget av påvirkede innsjøer, samt årsaksforholdene mellom salting, vegtrafikk og forurensningssituasjonen i innsjøer ved saltede vegar i Sør-Norge. Materialet består av 121 innsjøer felles for undersøkelsene i 2005 og 2010. Kobber ble ofte funnet i forhøyede konsentrasjoner og ca. 20 % av innsjøene hadde dårligere tilstandsklasse i 2010 enn i 2005. Det antyder at problemet med forurenset kobber fra vegtrafikk er økende. 41 av totalt 63 undersøkte innsjøer i 2010 hadde oksygenvinn, 20 hadde saltindusert oksygenvinn. Av 17 innsjøer med saltinduserte oksygengradienter i 2005 hadde 10 kraftigere gradient i perioden fram til 2010. Tre av 10 undersøkte vernede innsjøer i 2010 hadde saltindusert oksygenvinn. Sju av ni innsjøer med data over flere ti-år hadde fått økt saltkonsentrasjon fram til 2010. Økning av saltkonsentrasjonene ble observert i tre av disse fram til 2010. Problemene med innsjøer og bunnvann er indusert av vegsalt er svakt økende. Risiko for gradientdannelse avhenger av flere faktorer og oppfordres til estimering av denne risikoen innsjøvis eventuelt innsjøtypevis ved bruk av de nyutviklede modellene.

## **PS 11/17 Budsjett 2017 – endringer – ny gjennomgang av investeringsbudsjettet.**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner at investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden 2017 - 2020 vert justert i samsvar med fylkesrådmannen sitt forslag i saka
2. Fylkestinget har merka seg at investeringsprogrammet no held seg innanfor gjeldsgrad på 115 % i økonomiplanperioden i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i samband med handsaminga av budsjettet for 2017.
3. Fylkestinget viser til orienteringa i saka om mogelege statlege finansieringsordningar for bybanevognene og understrekar det viktige i at meir av investeringane innanfor samferdselssektoren vert finansiert innanfor desse ordningane. Dette vil vera avgjerande for kor mykje av komande investeringsplanar ein maktar å gjennomføre. Fylkestinget viser i denne samanhengen til investeringsprogrammet som vart vedteke i skulebruksplanen.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017**

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget finner det uheldig at det kommer endringer i budsjettet vedrørende skolebruksplanen så kort tid etter at planen ble vedtatt. Fylkestinget kan ikke støtte denne delen i forslaget. Skal det alt nå gjøres endringer i planen, må disse legges frem som sak i fagutvalget først.

Fylkestinget støtter fylkesrådmannen i å få ned gjeldsbyrden. Fylkestinget ber rådmannen komme tilbake med eventuelle reguleringer i budsjettet etter saksbehandlingen i fagutvalget.»

### **Røysting**

Stenseide sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.



## **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget godkjenner at investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden 2017 - 2020 vert justert i samsvar med fylkesrådmannen sitt forslag i saka.
2. Fylkestinget har merka seg at investeringsprogrammet no held seg innanfor gjeldsgrad på 115 % i økonomiplanperioden i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i samband med handsaminga av budsjettet for 2017.
3. Fylkestinget viser til orienteringa i saka om mogelege statlege finansieringsordningar for bybanevognene og understrekar det viktige i at meir av investeringane innanfor samferdselssektoren vert finansiert innanfor desse ordningane. Dette vil vera avgjerande for kor mykje av komande investeringsplanar ein maktar å gjennomføre. Fylkestinget viser i denne samanhengen til investeringsprogrammet som vart vedteke i skulebruksplanen.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017**

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteken mot 7 røyster (Frp).

### **Vedtak**

1. Fylkestinget godkjenner at investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden 2017 - 2020 vert justert i samsvar med fylkesrådmannen sitt forslag i saka.
2. Fylkestinget har merka seg at investeringsprogrammet no held seg innanfor gjeldsgrad på 115 % i økonomiplanperioden i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i samband med handsaminga av budsjettet for 2017.
3. Fylkestinget viser til orienteringa i saka om mogelege statlege finansieringsordningar for bybanevognene og understrekar det viktige i at meir av investeringane innanfor samferdselssektoren vert finansiert innanfor desse ordningane. Dette vil vera avgjerande for kor mykje av komande investeringsplanar ein maktar å gjennomføre. Fylkestinget viser i denne samanhengen til investeringsprogrammet som vart vedteke i skulebruksplanen.

## **PS 12/17 Finansforvaltninga i 2016**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2016 til orientering.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.02.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2016 til orientering

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2016 til orientering.

## PS 13/17 Ny innkjøpspolitikk for Hordaland fylkeskommune

### Forslag til innstilling:

Fylkestinget vedtek at det framlagte utkastet til innkjøpspolitikk vert gjort gjeldande som Hordaland fylkeskommune sin innkjøpspolitikk.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017

**Mari Klokkestuen Kjellesvik (A)** sette på vegner av A, KrF, Sp og MDG fram slikt forslag:

«Leggje til eit avsnitt under kapittel 5. Innkjøpsprinsipp punkt 7 (samfunnsansvarlege innkjøp):

Hordaland fylkeskommune skal gjennom sin innkjøpspraksis ivareta etiske retningslinjer. Fylkeskommunens direkte og indirekte innkjøp skal vere etisk forsvarlege og ikkje bidra til brot på folkeretten og menneskerettane. Innkjøpspraksis skal vere i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipp, som ILO-konvensjonen.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Kjellesvik sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek at det framlagte utkastet til innkjøpspolitikk vert gjort gjeldande som Hordaland fylkeskommune sin innkjøpspolitikk.

Ekstra avsnitt under kapittel 5. Innkjøpsprinsipp punkt 7 (samfunnsansvarlege innkjøp):

Hordaland fylkeskommune skal gjennom sin innkjøpspraksis ivareta etiske retningslinjer. Fylkeskommunens direkte og indirekte innkjøp skal vere etisk forsvarlege og ikkje bidra til brot på folkeretten og menneskerettane. Innkjøpspraksis skal vere i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipp, som ILO-konvensjonen.

### Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017

**Geir Angeltveit (V)** sette på vegner av V og MDG fram slikt forslag:

- (a) «Endring punkt 6: (endringa står i kursiv)  
*Miljøvenleg og berekraftig innkjøp*
- (b) Fylkestinget ber om at det vert nytta 3. parts miljømerking i samband med innkjøp og anskaffingar, og det skal nyttast som tildelingskriterium.  
Kor i prosessen ein vel å eventuelt stille krav om 3. parts sertifiserte miljømerker er ei annskafelsesfagleg vurdering.
- (c) Fylkestinget ber om at ein i anbudsprosessar jobbar for å få inn fleire tilbydarar.»

**Daniel Charles Hextall (SV)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 11:  
Hordaland fylkeskommune skal streve etter å bruke bedrifter med lærlinger ved innkjøp.»

**Mari Klokkestuen Kjellesvik (A)** sette fram slikt forslag:

«Endring: (endringa står i kursiv)  
Leggje til eit avsnitt under kapittel 5. Innkjøpsprinsipp punkt 7 (samfunnsansvarlege innkjøp):

Hordaland fylkeskommune skal gjennom sin innkjøpspraksis ivareta etiske retningslinjer. Fylkeskommunens direkte og indirekte innkjøp skal vere etisk forsvarlege og ikkje bidra til brot på folkeretten og menneskerettane. Innkjøpspraksis skal vere i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipp, som ILO sin kjernekonvensjon.»

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Hordaland fylkesting går inn for at hovedregelen ved fylkeskommunale innkjøp / oppdrag er at det blir stilt krav om at det ligg føre norsk landsdekkjande tariffavtale.»

**Øyvind Strømmen (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Siste line vert endra frå: (endringa står i kursiv)

«Innkjøpspraksis skal vere i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipp, som ILO-konvensjonen» til

«Innkjøpspraksis skal vera i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipp, som *ILO sine kjernekonvensjonar*».

Hextall trekte sitt forslag.

Kjellesvik trekte sitt forslag.

### **Røysting**

Innstillinga 1. avsnitt vart samrøystes vedteken.

Innstillinga 2. og 3. avsnitt med endringa frå Strømmen vart vedteken mot 11 røyster (KrF, Frp).

Angeltveit sitt forslag (a) vart vedteke mot 7 røyster (Frp).

Angeltveit sitt forslag (b) fekk 10 røyster (SV, R, V, MDG) og fall.

Angeltveit sitt forslag (c) 8 vart vedteke mot 7 røyster (Frp).

Kollbotn sitt forslag fekk 30 røyster (A, SV, R, V, MDG) og vart vedteke.

### **Vedtak**

Fylkestinget vedtek at det framlagte utkastet til innkjøpspolitikk vert gjort gjeldande som Hordaland fylkeskommune sin innkjøpspolitikk.

Ekstra avsnitt under kapittel 5. Innkjøpsprinsipp punkt 7 (samfunnsansvarlege innkjøp):

Hordaland fylkeskommune skal gjennom sin innkjøpspraksis ivareta etiske retningslinjer.

Fylkeskommunens direkte og indirekte innkjøp skal vere etisk forsvarlege og ikkje bidra til brot på folkeretten og menneskerettane. Innkjøpspraksis skal vere i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipp, som ILO sine kjernekonvensjonar.

Endring punkt 6:

Miljøvenleg og berekraftig innkjøp

Fylkestinget ber om at ein i anbudsprosessar jobbar for å få inn fleire tilbydarar.

Hordaland fylkesting går inn for at hovedregelen ved fylkeskommunale innkjøp / oppdrag er at det blir stilt krav om at det ligg føre norsk landsdekkjande tariffavtale.

## **PS 14/17 Refusjon av forskottering - avtale med Åsane Handel AS**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner at Åsane Handel AS får refundert forskottering på 15 mill. kr med ein halvpart kvart av åra 2022 og 2023.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Åsane Handel AS.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget godkjenner at Åsane Handel AS får refundert forskottering på 15 mill. kr med ein halvpart kvart av åra 2022 og 2023.

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Åsane Handel AS.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Fylkestinget godkjenner at Åsane Handel AS får refundert forskottering på 15 mill. kr med ein halvpart kvart av åra 2022 og 2023.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Åsane Handel AS.

### **PS 15/17 Punktutbetring og trygg skuleveg - 2016 og 2017**

#### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tek rapporteringa av bruk av midlane til Punktutbetring og trygg skuleveg for 2016 til orientering.
2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunane, med ei ramme på 20 mill kr. i 2017. Fylkestrafikksikringsutvalet får ansvaret for denne tilskotsordninga.

### **Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 21.02.2017**

Det vart foreslått å gjere same vedtak som i utval for miljø og samferdsel. Fylkestrafikksikringsutvalet slutta seg samrøystes til dette.

#### **Vedtak**

1. Fylkestinget tek rapporteringa av bruk av midlane til Punktutbetring og trygg skuleveg for 2016 til orientering.
2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunar, med ramme på 20 mill. kr i 2017.

Utval for miljø og samferdsel får ansvaret for denne tilskotsordninga, og fylkestrafikksikringsutvalet får innstillingsrett.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 21.02.2017**

**Synnøve Solbakken (A)** sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt forslag:

1. «Fylkestinget tek rapporteringa av bruk av midlane til Punktutbetring og trygg skuleveg for 2016 til orientering.
2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunar, med ramme på 20 mill. kr i 2017.

Utval for miljø og samferdsel får ansvaret for denne tilskotsordninga, og fylkestrafikksikringsutvalet får innstillingsrett.»

#### **Røysting**

Det var 14 representantar til stades.

Solbakken sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster mot 1 røyst (H) for fylkesrådmannen sitt forslag.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget tek rapporteringa av bruk av midlane til Punktutbetring og trygg skuleveg for 2016 til orientering.

2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunar, med ramme på 20 mill. kr i 2017.

Utval for miljø og samferdsel får ansvaret for denne tilskotsordninga, og fylkestrafikksikringsutvalet får innstillingsrett.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017**

#### **Røysting**

Fylkesordføraren la innstillinga frå utval for miljø og samferdsel til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget tek rapporteringa av bruk av midlane til Punktutbetring og trygg skuleveg for 2016 til orientering.
2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunar, med ramme på 20 mill. kr i 2017.

Utval for miljø og samferdsel får ansvaret for denne tilskotsordninga, og fylkestrafikksikringsutvalet får innstillingsrett.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Fylkestinget tek rapporteringa av bruk av midlane til Punktutbetring og trygg skuleveg for 2016 til orientering.
2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunar, med ramme på 20 mill. kr i 2017.

Utval for miljø og samferdsel får ansvaret for denne tilskotsordninga, og fylkestrafikksikringsutvalet får innstillingsrett.

## **PS 16/17 Fylkesvegprosjekt i Kvinnherad - forskottering i framtidig Kvinnheradpakke**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget er positiv til arbeidet med Kvinnheradpakken og sluttar seg til realisering av prosjekta Fv 48 Lundssvingane og Rosendal kai/ kollektivknutepunkt slik det framgår av denne saka, med eit totalt kostnadsanslag på 53 millionar kroner eksklusive mva. Kvinnherad kommune er byggherre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader.

Det er ein føresetnad at prosjekta får høg prioritet i den framtidige Kvinnheradpakken.

2. Fylkestinget har gjennom vedtak av Plan og byggeprogrammet for 2017 løyvd eit tilskot på 10 millionar kr til Lundssvingane og Rosendal kai/kollektivknutepunkt, fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.
3. Fylkestinget godkjenner forskotteringssøknaden frå Kvinnherad kommune på totalt 10 millionar kroner. Forskotteringa er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter. Refusjon skjer i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.

Kvinnherad kommune har risikoen dersom Kvinnheradpakken ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet finna anna finansiering.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget er positiv til arbeidet med Kvinnheradpakken og sluttar seg til realisering av prosjekta Fv 48 Lundssvingane og Rosendal kai/ kollektivknutepunkt slik det framgår av denne saka, med eit totalt kostnadsanslag på 53 millionar kroner eksklusiv mva. Kvinnherad kommune er byggherre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader.

Det er ein føresetnad at prosjekta får høg prioritet i den framtidige Kvinnheradpakken.

2. Fylkestinget har gjennom vedtak av Plan og byggeprogrammet for 2017 løyvd eit tilskot på 10 millionar kr til Lundssvingane og Rosendal kai/kollektivknutepunkt, fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.
3. Fylkestinget godkjenner forskotteringssøknaden frå Kvinnherad kommune på totalt 10 millionar kroner. Forskottinga er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter.

Refusjon skjer i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.

Kvinnherad kommune har risikoen dersom Kvinnheradpakken ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet finna anna finansiering.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget er positiv til arbeidet med Kvinnheradpakken og sluttar seg til realisering av prosjekta Fv 48 Lundssvingane og Rosendal kai/ kollektivknutepunkt slik det framgår av denne saka, med eit totalt kostnadsanslag på 53 millionar kroner eksklusiv mva. Kvinnherad kommune er byggherre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader.

Det er ein føresetnad at prosjekta får høg prioritet i den framtidige Kvinnheradpakken.

2. Fylkestinget har gjennom vedtak av Plan og byggeprogrammet for 2017 løyvd eit tilskot på 10 millionar kr til Lundssvingane og Rosendal kai/kollektivknutepunkt, fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.
3. Fylkestinget godkjenner forskotteringssøknaden frå Kvinnherad kommune på totalt 10 millionar kroner. Forskottinga er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter.

Refusjon skjer i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.

Kvinnherad kommune har risikoen dersom Kvinnheradpakken ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet finna anna finansiering.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkestinget er positiv til arbeidet med Kvinnheradpakken og sluttar seg til realisering av prosjekta Fv 48 Lundssvingane og Rosendal kai/ kollektivknutepunkt slik det framgår av denne saka, med eit totalt kostnadsanslag på 53 millionar kroner eksklusiv mva. Kvinnherad kommune er byggherre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader.

Det er ein føresetnad at prosjekta får høg prioritet i den framtidige Kvinnheradpakken.

2. Fylkestinget har gjennom vedtak av Plan og byggeprogrammet for 2017 løyvd eit tilskot på 10 millionar kr til Lundssvingane og Rosendal kai/kollektivknutepunkt, fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.
3. Fylkestinget godkjenner forskotteringsøknaden frå Kvinnherad kommune på totalt 10 millionar kroner. Forskotteringa er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter.

Refusjon skjer i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.

Kvinnherad kommune har risikoen dersom Kvinnheradpakken ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet finna anna finansiering.

## **PS 17/17 Sotrasambandet, Rv 555 (Storavatnet- Kolltveit) - bompengesøknad**

### **Forslag til innstilling**

1. Med atterhald om tilslutnad frå høyringskommunane, går fylkestinget inn forfølgjande utbygging- og finansieringsopplegg for Rv555 Sotrasambandet (Storavatnet – Kolltveit):
  - Utbygging av Rv 555 Sotrasambandet skal delfinansierast med bompengar. Innkrevinga skjer i begge retningar i automatiske bomstasjonar på ny og eksisterande Rv 555 (prinsipp 3) i tråd med tidlegare vedtak.
  - Det er lagt til grunn at gjennomsnittstaksten ved opninga av ny Rv 555 Sotrasambandet vil bli på 39,50 kr i 2017-prisnivå. Det er førebels lagt til grunn at dette vil gje følgjande takstnivå både på ny og eksisterande veg:
    - 49 kr for takstgruppe 1 (køyretøy inntil 3 500 kg inkl. køyretøy i køyretøygruppe M1) i bomstasjonane
    - 98 kr for takstgruppe 2 (køyretøy over 3 500 kg ekskl. køyretøy i køyretøygruppe M1), dvs. at takstgruppe 2 betaler det dobbelte av takstgruppe 1.
    - Køyretøy i takstgruppe 1 får 20 pst. rabatt ved bruk av brikke og gyldig avtale. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt ved bruk av brikke.
    - Det blir lagt opp til at nullutsleppskøyretøy skal betale halvparten av ordinær takst for takstgruppe 1 i tråd med nasjonale retningslinjer.
    - Bompengerperioden blir sett til 20 år frå opning av den nye vegen.
    - Dersom bompengeinntektene blir lågare enn føreset, kan gjennomsnittstaksten aukast med inntil 20 pst. utover prisvekst og bompengerperioden forlengast med inntil fem år.
    - Det blir føreset samla brutto bompengeinntekter på 7,0 mrd. 2017-kr. Dette skal dekke lånerenter, kostnader til innkrevjing og drift av selskapet og bidraget til bygging av Sotrasambandet (bompengebdraget). Bompengebdraget vil bli fordelt på ei utbetaling ved opninga av vegen og deretter løpande utbetalningar fordelt over 20 år. Bompengebdraget utgjer bompengeselskapet sine plikter knytt til utbygginga.
    - Det blir lagt til grunn at takstar og kostnader skal prisjusterast med SSB sin byggekostnadsindeks for veganlegg fram til opninga av vegen og deretter med SSB sin konsumprisindeks.
2. Hordaland fylkeskommune garanterer ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa opp til om lag 2,7 mrd. kr, med tillegg av 10 pst. av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Den samla lånegarantien blir 3 000 mill. kr. Garantien blir gitt med pant i bompengeselskapet sin rett til å krevje inn bompengar. Garantien blir gitt under føresetnad om godkjenning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
3. Garantien gjeld frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 20 år. Innkrevjingsperioden kan i særskilte høve forlengjast med inntil 5 år. I tillegg skal garantien gjelde i ytterlegare 2 år, jf. § 3 i garantiforskriftene

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.02.2017

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til fylkesrådmannen sitt forslag:

Sotra må få køfri kollektivtransport. Det er positivt at det er lagt opp til å realisere Sotrasambandet tidleg i planperioden. Det må regulerast for gjennomgåande kollektivtrase frå oppstart av sambandet i tråd med overordna mål/føresetnader, samt leggjast til rette for skinnegåande transport/bybane. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen komme tilbake med ny sak når det blir regulert gjennomgåande kollektivtrase på sambandet.»

### Røysting

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (Frp, SV).

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Med atterhald om tilslutnad frå høyringskommunane, går fylkestinget inn forfølgjande utbygging- og finansieringsopplegg for Rv555 Sotrasambandet (Storavatnet - Kolltveit):
  - Utbygging av Rv 555 Sotrasambandet skal delfinansierast med bompengar. Innkrevinga skjer i begge retningar i automatiske bomstasjonar på ny og eksisterande Rv 555 (prinsipp 3) i tråd med tidlegare vedtak.
  - Det er lagt til grunn at gjennomsnittstaksten ved opninga av ny Rv 555 Sotrasambandet vil bli på 39,50 kr i 2017-prisnivå. Det er førebels lagt til grunn at dette vil gje følgjande takstnivå både på ny og eksisterande veg:
    - 49 kr for takstgruppe 1 (køyretøy inntil 3 500 kg inkl. køyretøy i køyretøygruppe M1) i bomstasjonane.
    - 98 kr for takstgruppe 2 (køyretøy over 3 500 kg ekskl. køyretøy i køyretøygruppe M1), dvs. at takstgruppe 2 betaler det dobbelte av takstgruppe 1.
  - Køyretøy i takstgruppe 1 får 20 pst. rabatt ved bruk av brikke og gyldig avtale. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt ved bruk av brikke.
  - Det blir lagt opp til at nullutsleppskøyretøy skal betale halvparten av ordinær takst for takstgruppe 1 i tråd med nasjonale retningslinjer.
  - Bompengerperioden blir sett til 20 år frå opning av den nye vegen.
  - Dersom bompengeneinntektene blir lågare enn føreset, kan gjennomsnittstaksten aukast med inntil 20 pst. utover prisvekst og bompengerperioden forlengast med inntil fem år.
  - Det blir føreset samlar brutto bompengeneinntekter på 7,0 mrd. 2017-kr. Dette skal dekke lånerenter, kostnader til innkrevjing og drift av selskapet og bidraget til bygging av Sotrasambandet (bompengebidraget). Bompengebidraget vil bli fordelt på ei utbetaling ved opninga av vegen og deretter løpande utbetalningar fordelt over 20 år. Bompengebidraget utgjer bompengeselskapet sine plikter knytt til utbygginga.
  - Det blir lagt til grunn at takstar og kostnader skal prisjusterast med SSB sin byggekostnadsindeks for vegen fram til opninga av vegen og deretter med SSB sin konsumprisindeks.
2. Hordaland fylkeskommune garanterer ved sjølvskuldnerkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa opp til om lag 2,7 mrd. kr, med tillegg av 10 pst. av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Den samla lånegarantien blir 3 000 mill. kr. Garantien blir gitt med pant i bompengeselskapet sin rett til å krevje inn bompengar. Garantien blir gitt under føresetnad om godkjenning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
3. Garantien gjeld frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 20 år. Innkrevjingsperioden kan i særskilte høve forlengjast med inntil 5 år. I tillegg skal garantien gjelde i ytterlegare 2 år, jf. § 3 i garantiforskriftene.



## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Kulepunkt 6 (om nullslippskjøretøy) endres til:

Det blir lagt opp til at nullslippskjøretøy skal kjøre avgiftsfritt inntil fylkets målsetting om at 20 % av bilparken skal bestå av nullslippskjøretøy er redusert.»

**Synnøve Solbakken (A)** sette på vegner av A,Sp og KrF fram slikt forslag:

«Alternativt kulepunkt 6:

Detaljert takstopplegg vil bli tatt stilling til når det nærmar seg opning av veganlegget. Miljødifferensierte takstar vil vere aktuelt, dvs. at kjøretøy som forureinar mykje betalar høgare takst enn kjøretøy som forureinar lite. Det er ein føresetnad at eventuell miljødifferensiering ivaretar finansieringsforpliktingane som er skisserte i denne saka, jf. øvrige vedtakspunkt.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Sotra må få køfri kollektivtransport. Det er positivt at det er lagt opp til å realisere Sotrasambandet tidleg i planperioden. Det må regulerast for gjennomgåande kollektivtrase frå oppstart av sambandet i tråd med overordna mål/føresetnader, samt leggjast til rette for skinnegåande transport/bybane. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen komme tilbake med ny sak når det blir regulert gjennomgåande kollektivtrase på sambandet.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slik protokollmerknad:

«MDG støtter intensjonen i SV sitt fremlegg, men siden tematikken her er bomstrukturbevaring og ikkje trasevalg stemmer vi ikke for SV sitt forslag.»

### Røysting

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga, kulepunkt 6 fekk 4 røyster (H, V) og fall.

Tomren sitt forslag, kulepunkt 6 fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Solbakken sitt forslag, kulepunkt 6 fekk 10 røyster (A, V, MDG, SV, Sp, KrF) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga - unnateke kulepunkt 6 - vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (SV, Frp).

### Innstilling til fylkestinget

1. Med atterhald om tilslutnad frå høyringskommunane, går fylkestinget inn forfølgjande utbygging- og finansieringsopplegg for Rv555 Sotrasambandet (Storavatnet - Kolltveit):
  - Utbygging av Rv 555 Sotrasambandet skal delfinansierast med bompengar. Innkrevinga skjer i begge retningar i automatiske bomstasjonar på ny og eksisterande Rv 555 (prinsipp 3) i tråd med tidlegare vedtak.
  - Det er lagt til grunn at gjennomsnittstaksten ved opninga av ny Rv 555 Sotrasambandet vil bli på 39,50 kr i 2017-prisnivå. Det er førebels lagt til grunn at dette vil gje følgjande takstnivå både på ny og eksisterande veg:
    - 49 kr for takstgruppe 1 (køretøy inntil 3 500 kg inkl. kjøretøy i kjøretøygruppe M1) i bomstasjonane.
    - 98 kr for takstgruppe 2 (køretøy over 3 500 kg ekskl. kjøretøy i kjøretøygruppe M1), dvs. at takstgruppe 2 betaler det dobbelte av takstgruppe 1.
  - Kjøretøy i takstgruppe 1 får 20 pst. rabatt ved bruk av brikke og gyldig avtale. Kjøretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt ved bruk av brikke.
  - Detaljert takstopplegg vil bli tatt stilling til når det nærmar seg opning av veganlegget. Miljødifferensierte takstar vil vere aktuelt, dvs. at kjøretøy som forureinar mykje betalar høgare takst enn kjøretøy som forureinar lite. Det er ein føresetnad at eventuell

miljødifferensiering ivaretar finansieringsforpliktingane som er skisserte i denne saka, jf. øvrige vedtakspunkt.

- Bompengerperioden blir sett til 20 år frå opning av den nye vegen.
  - Dersom bompengerinntektene blir lågare enn føreset, kan gjennomsnittstaksten aukast med inntil 20 pst. utover prisvekst og bompengerperioden forlengast med inntil fem år.
  - Det blir føreset samla brutto bompengerinntekter på 7,0 mrd. 2017-kr. Dette skal dekke lånerenter, kostnader til innkrevjing og drift av selskapet og bidraget til bygging av Sotrasambandet (bompengerbidraget). Bompengerbidraget vil bli fordelt på ei utbetaling ved opninga av vegen og deretter løpande utbetalingar fordelt over 20 år. Bompengerbidraget utgjør bompengereselskapet sine plikter knytt til utbygginga.
  - Det blir lagt til grunn at takstar og kostnader skal prisjusterast med SSB sin byggekostnadsindeks for vegen fram til opninga av vegen og deretter med SSB sin konsumprisindeks.
2. Hordaland fylkeskommune garanterer ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengereselskapet, avgrensa opp til om lag 2,7 mrd. kr, med tillegg av 10 pst. av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Den samla lånegarantien blir 3 000 mill. kr. Garantien blir gitt med pant i bompengereselskapet sin rett til å krevje inn bompengar. Garantien blir gitt under føresetnad om godkjenning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
3. Garantien gjeld frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 20 år. Innkrevjingsperioden kan i særskilte høve forlengast med inntil 5 år. I tillegg skal garantien gjelde i ytterlegare 2 år, jf. § 3 i garantiforskriftene.

#### **Protokollmerknad frå MDG**

MDG støtter intensjonen i SV sitt fremlegg, men siden tematikken her er bomstruktur- bevaring og ikkje trasevalg stemmer vi ikke for SV sitt forslag.

#### **Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017**

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Kulepunkt 6 (om nullslippskjøretøy) endres til:

Det blir lagt opp til at nullslippskjøretøy skal kjøre avgiftsfritt inntil fylkets målsetting om at 20 % av bilparken skal bestå av nullslippskjøretøy er redusert.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

(a)«Alternativ:

Sotra må få køfri kollektivtransport. Det er positivt at det er lagt opp til å realisere Sotrasambandet tidleg i planperioden. Det må regulerast for gjennomgåande kollektivtrase frå oppstart av sambandet i tråd med overordna mål/føresetnader, samt leggast til rette for skinnegåande transport/bybane. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen komme tilbake med ny sak når det blir regulert gjennomgåande kollektivtrase på sambandet.

(b)Tilleggspunkt:

Fylkestinget er åpen for og ønskjer velkommen, nye og smartare modellar for å bygge og vedlikehal-de veg, slik at vi får meir effektiv vegbygging og effektivt vedlikehald. Fylkestinget er imidlertid skeptisk til at Sotrasambandet skal verte bygd ut som ei OPS-utbygging. OPS er ikkje ein framtid-retta og moderne måte å finansiere samferdselsprosjekt på. Privat lånefinansiering av veg er dårleg forvaltning av fellesskapets pengar, og privat finansiering av offentlege vegenlegg gir større finanskostnadar som til sjuande og sist må verte betalt av fellesskapet.»

#### **Røysting**

Hammer sitt forslag (b) fekk 4 røyster (SV, R) og fall.

Hammer sitt forslag (a) fekk 4 røyster (SV, R) og fall.

Innstillinga, unnateke kulepunkt 6 vart vedteken mot 11 røyster (Frp, SV, R).

Tomren sitt forslag kulepunkt 6 fekk 7 røyster (MDG, SV, R) og fall.  
Innstillinga kulepunkt 6 vart vedteken mot 8 røyster (Frp, R)

## Vedtak

1. Med atterhald om tilslutnad frå høyringskommunane, går fylkestinget inn forfølgjande utbygging- og finansieringsopplegg for Rv555 Sotrasambandet (Storavatnet - Kolltveit):
  - Utbygging av Rv 555 Sotrasambandet skal delfinansierast med bompengar. Innkrevinga skjer i begge retningar i automatiske bomstasjonar på ny og eksisterande Rv 555 (prinsipp 3) i tråd med tidlegare vedtak.
  - Det er lagt til grunn at gjennomsnittstaksten ved opninga av ny Rv 555 Sotrasambandet vil bli på 39,50 kr i 2017-prisnivå. Det er førebels lagt til grunn at dette vil gje følgjande takstnivå både på ny og eksisterande veg:
    - 49 kr for takstgruppe 1 (køyretøy inntil 3 500 kg inkl. køyretøy i køyretøygruppe M1) i bomstasjonane.
    - 98 kr for takstgruppe 2 (køyretøy over 3 500 kg ekskl. køyretøy i køyretøygruppe M1), dvs. at takstgruppe 2 betaler det dobbelte av takstgruppe 1.
    - Køyretøy i takstgruppe 1 får 20 pst. rabatt ved bruk av brikke og gyldig avtale. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt ved bruk av brikke.
  - Detaljert takstopplegg vil bli tatt stilling til når det nærmar seg opning av veganlegget. Miljødifferensierte takstar vil vere aktuelt, dvs. at køyretøy som forureinar mykje betalar høgare takst enn køyretøy som forureinar lite. Det er ein føresetnad at eventuell miljødifferensiering ivaretar finansieringsforpliktingane som er skisserte i denne saka, jf. øvrige vedtakspunkt.
  - Bompengerperioden blir sett til 20 år frå opning av den nye vegen.
  - Dersom bompengeneinntektene blir lågare enn føreset, kan gjennomsnittstaksten aukast med inntil 20 pst. utover prisvekst og bompengerperioden forlengast med inntil fem år.
  - Det blir føreset samla brutto bompengeneinntekter på 7,0 mrd. 2017-kr. Dette skal dekke lånerenter, kostnader til innkrevjing og drift av selskapet og bidraget til bygging av Sotrasambandet (bompengebidraget). Bompengebidraget vil bli fordelt på ei utbetaling ved opninga av vegen og deretter løpande utbetalningar fordelt over 20 år. Bompengebidraget utgjer bompengeselskapet sine plikter knytt til utbygginga.
  - Det blir lagt til grunn at takstar og kostnader skal prisjusterast med SSB sin byggekostnadsindeks for veganlegg fram til opninga av vegen og deretter med SSB sin konsumprisindeks.
2. Hordaland fylkeskommune garanterer ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa opp til om lag 2,7 mrd. kr, med tillegg av 10 pst. av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Den samla lånegarantien blir 3 000 mill. kr. Garantien blir gitt med pant i bompengeselskapet sin rett til å krevje inn bompengar. Garantien blir gitt under føresetnad om godkjenning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
3. Garantien gjeld frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 20 år. Innkrevjingsperioden kan i særskilte høve forlengjast med inntil 5 år. I tillegg skal garantien gjelde i ytterlegare 2 år, jf. § 3 i garantiforskriftene.

## PS 18/17 Bomringen i Bergen - auka takstar

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til at eit nytt bompengelopplegg, som ein del av byvekstavtalen for Bergensområdet, er under planleggjing. Under føresetnad om tilslutning frå Bystyret i Bergen, går fylkestinget i mot å endra takstane i bomringen i Bergen no. Dette gjeld både KPI justeringa og takstendringa for å ta igjen inntektstapet frå 2016.

2. Fylkestinget går inn for å justera ned vedtatt Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet 2017 med 70 mill. kr. i 2017. Den endelege fordelinga vert vedteke i fylkestinget i juni 2017.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 21.02.2017**

Stein Inge Ryssdal (H) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Bergen Bompengeselskap AS. Ryssdal gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for miljø og samferdsel vedtok samrøystes at Stein Inge Ryssdal var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

John Torgeir Torsvik møtte for Ryssdal i saka.

#### **Røysting**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget viser til at eit nytt bompengelopplegg, som ein del av byvekstavtalen for Bergensområdet, er under planlegging. Under føresetnad om tilslutning frå Bystyret i Bergen, går fylkestinget i mot å endra takstane i bomringen i Bergen no. Dette gjeld både KPI justeringa og takstendringa for å ta igjen inntektstapet frå 2016.
2. Fylkestinget går inn for å justera ned vedtatt Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet 2017 med 70 mill. kr. i 2017. Den endelege fordelinga vert vedteke i fylkestinget i juni 2017.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017**

**Stein Inge Ryssdal (H)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Bergen Bompengeselskap AS. Ryssdal gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Stein Inge Ryssdal var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Stein Inge Ryssdal gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget viser til at eit nytt bompengelopplegg, som ein del av byvekstavtalen for Bergensområdet, er under planlegging. Under føresetnad om tilslutning frå Bystyret i Bergen, går fylkestinget i mot å endra takstane i bomringen i Bergen no. Dette gjeld både KPI justeringa og takstendringa for å ta igjen inntektstapet frå 2016.
2. Fylkestinget går inn for å justera ned vedtatt Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet 2017 med 70 mill. kr. i 2017. Den endelege fordelinga vert vedteke i fylkestinget i juni 2017.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2017**

**Stein Inge Ryssdal (H), Inger Ulvund (Frp) og Tor Andre Ljosland (KrF)** stilte spørsmål om dei var inhabile fordi dei er styremedlemer i Bergen Bompengeselskap AS. Dei tre representantane gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkestinget vedtok samrøystes at Stein Inge Ryssdal, Inger Ulvund og Tor Andre Ljosland var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Stein Inge Ryssdal, Inger Ulvund og Tor Andre Ljosland gjekk frå under behandlinga av saka.

Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Fylkestinget viser til at eit nytt bompengepøpplagg, som ein del av byvekstavtalen for Bergensområdet, er under planlegging. Under føresetnad om tilslutning frå Bystyret i Bergen, går fylkestinget i mot å endra takstane i bomringen i Bergen no. Dette gjeld både KPI justeringa og takstendringa for å ta igjen inntektstapet frå 2016.
2. Fylkestinget går inn for å justera ned vedtatt Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet 2017 med 70 mill. kr. i 2017. Den endelege fordelinga vert vedteke i fylkestinget i juni 2017.

## **PS 19/17 Ny takstsonestruktur i Hordaland**

### **Forslag til innstilling**

1. Skyss startar arbeidet med å førebu innføring av ny sonestruktur.
2. Ny sonestruktur vert innført i løpet av 2018, under føresetnad av at ein sikrar finansiering for tiltaket.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.02.2017**

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 2:

2. Ny sonestruktur skal innførast i løpet av 2018. Fylkesrådmannen skal innarbeide tiltaket i sitt forslag til budsjett for 2018.»

Ryssdal trekte forslaget sitt.

**Geir Angeltveit (V)** sette på vegner av V, H, Frp og MDG fram slikt forslag:

1. «Skyss startar arbeidet med innføring av ny sonestruktur.
2. Ny sonestruktur skal innførast i løpet av 2018. Fylkesrådmannen skal innarbeida kostnaden i forslag for budsjett for 2018.»

### **Røysting**

Angeltveit sitt forslag fekk 7 røyster (V, H, Frp, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 8 røyster (A, Sp, KrF, SV) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Skyss startar arbeidet med å førebu innføring av ny sonestruktur.
2. Ny sonestruktur vert innført i løpet av 2018, under føresetnad av at ein sikrar finansiering for tiltaket.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017**

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slikt forslag:

«1. Som innstillinga

2. Som innstillinga, punktum etter 2018.

Stryk resten, under føresetnad av at ein sikrar finansiering for tiltaket.

Nytt punkt 3.

Fylkestinget kjem attende til finansiering av tiltaket i budsjettet for 2018.»

### **Røysting**

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Bondhus sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget. Innstillinga punkt 2, siste del (etter komma), fekk ingen røyster og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Skyss startar arbeidet med å førebu innføring av ny sonestruktur.
2. Ny sonestruktur vert innført i løpet av 2018.
3. Fylkestinget kjem attende til finansiering av tiltaket i budsjettet for 2018.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2017**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Skyss startar arbeidet med å førebu innføring av ny sonestruktur.
2. Ny sonestruktur vert innført i løpet av 2018.
3. Fylkestinget kjem attende til finansiering av tiltaket i budsjettet for 2018.

## **PS 20/17 Eigarskapsmelding 2017**

### **Forslag til innstilling**

- Fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeide malar for styreinstruks, eigenevaluering i styret og eigarskapsstrategi for selskap. Malane bør nyttast i selskap fylkeskommunen eig og styrene vil verta oppmoda til å ta i bruk malane så snart som råd.
- Fylkestinget vedtek eigarskapsmelding 2017

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017**

**Benthe Bondhus (Sp)** sette på vegner av Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

1. «Fylkesutvalet ønskjer eit tydelegare oppsett av gruppering for dei ulike selskap/bedrifter fylkeskommunen har ein eigarskap i.
2. Fylkesutvalet ønskjer ei tydeleggjering av kva rolle ein har som fylkeskommune inn i dei ulike selskap/bedrifter, heileigd eller medeigar i.»

**Roald Stenseide (Frp)** sette på vegner av Frp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Pkt. e) og f)

Fylkesutvalget ber om at det i de tilfeller dette punktet ikke er i tråd med intensjonen at det vurderes omvalg.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Stenseide sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### **Innstilling til fylkestinget**

- Fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeide malar for styreinstruks, eigenevaluering i styret og eigarskapsstrategi for selskap. Malane bør nyttast i selskap fylkeskommunen eig og styrene vil verta oppmoda til å ta i bruk malane så snart som råd.

- Fylkestinget vedtek eigarskapsmelding 2017.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2017**

**Atle Kvåle (A)** sette på vegne av A fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkestinget ber om sak vedrørende Hordaland fylkeskommune sin eigarstrategi. Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe i saksførebuinga (f.eks. gruppelaiarane).»

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Kvåle sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagstillaren utan realitetsbehandling.

#### **Vedtak**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeide malar for styreinstruks, eigenevaluering i styret og eigarskapsstrategi for selskap. Malane bør nyttast i selskap fylkeskommunen eig og styrene vil verta oppmoda til å ta i bruk malane så snart som råd.

Fylkestinget vedtek eigarskapsmelding 2017.

## **PS 21/17 Fagskolane i Hordaland - utfordringar og moglegheiter**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek følgjande tiltak for å styrkja fagskulesektoren i regionen:
  - Administrasjonen må fremja ei sak som gjer greie for fordelar og eventuelle utfordringar ved å etablera Fagskolane i Hordaland som eit fylkeskommunalt føretak. Saka skal også gjera greie for korleis styret for fagskulane kan setjast saman gjennom ekstern representasjon i tillegg til eigarrepresentasjon.
  - Fylkeskommunen skal gå i dialog med Høgskulen på Vestlandet med mål om å inngå ein samarbeidsavtale om gode og høvelege overgangar mellom fagskuleutdanningar og bachelorutdanningar.
  - Fylkeskommunen må nytta sin regionale kompetanse til å kartleggja og fremja behov for fleire studieplassar og fagskuleutdanningar i dialog med sentrale styresmakter når ny finansieringsordning skal etablerast.
  - Fylkeskommunen må vurdere korleis fagskulane skal organiserast i ei eventuell ny regionsamansetning.
2. Følgjande tiltak vert sendt over til styret for Fagskolane i Hordaland:

Fylkestinget vil at Fagskolane i Hordaland skal vera ein sentral aktør i regionalt utviklingsarbeid i høve til kompetanseheving, innovasjon og det grønne skiftet. Styret for Fagskolane i Hordaland bør utarbeida ein strategi for å:

- få fagområdegodkjenningar
- utvikla nye fagskuleutdanningar
- styrka samarbeid med arbeidslivet i regionen
- arbeida målretta med internasjonalisering, innovasjon og det grønne skiftet

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.01.2017**

**Roger Pilskog/Tom Knudsen** sette fram følgjande forslag på vegne av LO/NHO:

« Vedr. pkt. 2 i forslaget vil Y-nemnda presisere: Ved utvikling av nye utdanningar og tilbudsstruktur skal det legges avjørende vekt på arbeidslivets behov og etterspørsel»

#### **Røysting**

Pilskog / Knudsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til innstillinga med følgjande tillegg:

Vedk. pkt. 2 i forslaget vil Yrkesopplæringsnemnda presisere : Ved utvikling av nye utdanningar og tilbudsstruktur skal det leggast avgjørande vekt på arbeidslivets behov og etterspørsel.

## Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.02.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkestinget vedtek følgjande tiltak for å styrkja fagskulesektoren i regionen:
  - Administrasjonen må fremja ei sak som gjer greie for fordelar og eventuelle utfordringar ved å etablera Fagskolane i Hordaland som eit fylkeskommunalt føretak. Saka skal også gjera greie for korleis styret for fagskulane kan setjast saman gjennom ekstern representasjon i tillegg til eigarrepresentasjon.
  - Fylkeskommunen skal gå i dialog med Høgskulen på Vestlandet med mål om å inngå ein samarbeidsavtale om gode og høvelege overgangar mellom fagskuleutdanningar og bachelorutdanningar.
  - Fylkeskommunen må nytta sin regionale kompetanse til å kartleggja og fremja behov for fleire studieplassar og fagskuleutdanningar i dialog med sentrale styresmakter når ny finansieringsordning skal etablerast.
  - Fylkeskommunen må vurdere korleis fagskulane skal organiserast i ei eventuell ny regionssamansetning.
2. Følgjande tiltak vert sendt over til styret for Fagskolane i Hordaland:

Fylkestinget vil at Fagskolane i Hordaland skal vera ein sentral aktør i regionalt utviklingsarbeid i høve til kompetanseheving, innovasjon og det grønne skiftet. Styret for Fagskolane i Hordaland bør utarbeida ein strategi for å:

- få fagområdegodkjenningar
- utvikla nye fagskuleutdanningar
- styrka samarbeid med arbeidslivet i regionen
- arbeida målretta med internasjonalisering, innovasjon og det grønne skiftet

**Rosalind Fosse (Frp)** sette fram fylgjande oversendings spørsmål til vedtakets punkt 2:

*«Skal fagskolen ekspandere må styret vurdere antall studenter. Det må tas stilling til hvor mange studenter som vil være mulig å få lokalisert til Laksevåg i fremtiden. Det må også tas høyde for om mulig flytting av helsefagskolen slik at den blir samlokalisert til Laksevåg.»*

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek følgjande tiltak for å styrkja fagskulesektoren i regionen:
  - Administrasjonen må fremja ei sak som gjer greie for fordelar og eventuelle utfordringar ved å etablera Fagskolane i Hordaland som eit fylkeskommunalt føretak. Saka skal også gjera greie for korleis styret for fagskulane kan setjast saman gjennom ekstern representasjon i tillegg til eigarrepresentasjon.
  - Fylkeskommunen skal gå i dialog med Høgskulen på Vestlandet med mål om å inngå ein samarbeidsavtale om gode og høvelege overgangar mellom fagskuleutdanningar og bachelorutdanningar.
  - Fylkeskommunen må nytta sin regionale kompetanse til å kartleggja og fremja behov for fleire studieplassar og fagskuleutdanningar i dialog med sentrale styresmakter når ny finansieringsordning skal etablerast.
  - Fylkeskommunen må vurdere korleis fagskulane skal organiserast i ei eventuell ny regionssamansetning.



2. Følgjande tiltak vert sendt over til styret for Fagskolane i Hordaland:

Fylkestinget vil at Fagskolane i Hordaland skal vera ein sentral aktør i regionalt utviklingsarbeid i høve til kompetanseheving, innovasjon og det grønne skiftet. Styret for Fagskolane i Hordaland bør utarbeida ein strategi for å:

- få fagområdegodkjenningar
- utvikla nye fagskuleutdanningar
- styrka samarbeid med arbeidslivet i regionen
- arbeida målretta med internasjonalisering, innovasjon og det grønne skiftet

**Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017**

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Nye punkt under punkt 2:

- (a) Vurdere talet studieplasser vedrørende framtidig vekst av antall studenter. (a)
- (b) Klargjøre om mulig flytting av helsefagskolen til Laksevåg. (b)»

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slikt endringsforslag:

«Endring i punkt 1 strekpunkt 1:

- Administrasjonen må fremja ei sak som gjer greie for fordelar og eventuelle utfordringar ved ulike eigarskapsmodellar.»

**Røysting**

Innstillinga punkt 1 og 2 med Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Stenseide sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Stenseide sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek følgjande tiltak for å styrkja fagskulesektoren i regionen:

- Administrasjonen må fremja ei sak som gjer greie for fordelar og eventuelle utfordringar ved ulike eigarskapsmodellar. Saka skal også gjera greie for korleis styret for fagskulane kan setjast saman gjennom ekstern representasjon i tillegg til eigarrepresentasjon.
- Fylkeskommunen skal gå i dialog med Høgskulen på Vestlandet med mål om å inngå ein samarbeidsavtale om gode og høvelege overgangar mellom fagskuleutdanningar og bachelorutdanningar.
- Fylkeskommunen må nytta sin regionale kompetanse til å kartleggja og fremja behov for fleire studieplassar og fagskuleutdanningar i dialog med sentrale styresmakter når ny finansieringsordning skal etablerast.
- Fylkeskommunen må vurdere korleis fagskulane skal organiserast i ei eventuell ny regionssamansetning.

2. Følgjande tiltak vert sendt over til styret for Fagskolane i Hordaland:

Fylkestinget vil at Fagskolane i Hordaland skal vera ein sentral aktør i regionalt utviklingsarbeid i høve til kompetanseheving, innovasjon og det grønne skiftet. Styret for Fagskolane i Hordaland bør utarbeida ein strategi for å:

- få fagområdegodkjenningar
- utvikla nye fagskuleutdanningar
- styrka samarbeid med arbeidslivet i regionen
- arbeida målretta med internasjonalisering, innovasjon og det grønne skiftet
- vurdere talet studieplassar vedrørende framtidig vekst av talet studenter
- klargjere om mulig flytting av helsefagskolen til Laksevåg

## **PS 22/17 Fagskolen i Hordaland og yrkesfagleg vidaregåande skule samlokalisert på Laksevåg**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tek premissane i fylkesrådmannen sitt saksframlegg til vitande.
2. Fylkestinget ber Fylkesrådmannen setje i verk vedtaket frå 04.10.16 i samsvar med gjennomføringsplanen presentert i dette saksframlegget.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.11.2016**

**Roald Stenseide, Frp**, sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesutvalet:

«Bergen Maritime vgs er et merkenavn og bør videreføres sjølv om skolen flyttes til Laksevåg.»

**Emil Gadolin, A**, sette fram slikt forslag på vegner av A, KrF, Sp, SV:

«Utval for opplæring og helse støttar fylkesrådmannen si innstilling, men ber fylkesrådmannen utgreie meir nøye om det er naudsynt på avslutte all undervisningsaktivitet i bygge- og rehabiliteringsperioden fram mot fylkestingsmøtet i desember 2016.»

**Solbjørg Marjala, R**, sette fram slikt forslag:

- «1. Utvalg for helse og opplæring er uenige i måten nedleggelsen av Laksevåg vgs blir foreslått håndtert på.
2. Utvalget ser viktigheten av å beholde TO (Tilrettelagt opplæring), BA (Bygg og Anlegg), samt vg2 kjemiprosess og elektrotilbudet (3årig) for fremtidige ingeniører.
3. Utvalget ber derfor administrasjonen snarest utarbeide en plan for a) hvordan en kan videreføre disse fagene/linjene og b) holde skolen oppe under ombygningen/utvidingen, slik at en ikke mister tilbudet til noen av de svakeste elevene (TO) eller mister fagmiljøer.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen si innstilling punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 14 røyster mot 1 røyst (R) for Marjala sitt forslag punkt 1.

Fylkesrådmannen si innstilling punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster mot 2 røyster (R, SV) for Marjala sitt forslag punkt 2.

Gadolin sitt forslag vart vedteke med 14 røyster mot 1 røyst (R) for Marjala sitt forslag punkt 3.

Utvalet slutta seg til at Stenseide sitt forslag vert sendt til fylkesutvalet utan realitetshandsaming.

### **Vedtak**

1. Utval for opplæring og helse støttar fylkesrådmannen si innstilling, men ber fylkesrådmannen utgreie meir nøye om det er naudsynt på avslutte all undervisningsaktivitet i bygge- og rehabiliteringsperioden fram mot fylkestingsmøtet i desember 2016.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget tek premissane i fylkesrådmannen sitt saksframlegg til vitande.
2. Fylkestinget ber Fylkesrådmannen setje i verk vedtaket frå 04.10.16 i samsvar med gjennomføringsplanen presentert i dette saksframlegget.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag (a):

«Nytt punkt 3:  
Namnet på den nye vidaregåande vert å komme tilbake til seinare.»

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag (b):

«Tillegg til nytt punkt 3:  
Bergen maritime videregående skole er eit viktig merkenamn i høve maritim utdanning i Hordaland.»

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteken som innstilling til mot 1 røyst (SV).  
Bjørkly sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.  
Bjørkly sitt forslag (b) fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget tek premissane i fylkesrådmannen sitt saksframlegg til vitande.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen setje i verk vedtaket frå 04.10.16 i samsvar med gjennomføringsplanen presentert i dette saksframlegget.
3. Namnet på den nye vidaregåande vert å komme tilbake til seinare.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 13.12.2016**

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til marstinget 2017.»

### **Røysting** (forslaget om utsetjing)

Det var 56 representantar til stades.

Gadolin sitt forslag fekk 32 røyster (A, KrF, Sp, SV, R) og vart vedteke.

### **Vedtak**

Saka vert utsett til marstinget 2017.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 07.03.2017**

**Emil Gadolin (A)** sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Framtidig tilbod ved Laksevåg vidaregåande skole skal dimensjonerast med ei ramme på 400 elevplassar på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma BA, EL og TIP.
2. Innanfor ramma på 400 elevplassar skal det vere rom for noverande programområde på EL og TIP både på Laksevåg vidaregåande skole og Bergen maritime vidaregåande skole. Fordelinga av elevplassar mellom BA, EL og TIP vert avgjort i programmeringsfasen for ny/ombygd skule.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen setje i verk vedtaket frå 04.10.2016, og legg til grunn at ombygging og nybygg ved Laksevåg vert prioritert tidleg i investeringsplanen.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen setje i verk tiltak som ivaretek det gode samarbeidet med næringslivet når det gjeld læreplassar slik at ein kan vidareføra desse etter ombygginga».

**Silje Hjemdal (Frp)** sette fram slik protokollmerknad på vegner av Frp:

«Grunnet posisjonens forsikringer om at det er tatt høyde for fremtidig økning av studentantall, gir Frp sin tilslutning til posisjonens forslag».

### **Røysting**

Innstillinga fekk 12 røyster (H) og fall.

Gadolin sitt forslag punkt 1, 2 og 3 fekk 45 røyster (A, KrF, Sp, SV, V, MDG, R, Frp) vart vedteke.

Gadolin sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

1. Framtidig tilbod ved Laksevåg videregående skole skal dimensjonert med ei ramme på 400 elevplassar på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma BA, EL og TIP.
2. Innanfor ramma på 400 elevplassar skal det vere rom for noverande programområde på EL og TIP både på Laksevåg videregående skole og Bergen maritime videregående skole. Fordelinga av elev-plassar mellom BA, EL og TIP vert avgjort i programmeringsfasen for ny/ombygd skule.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen setje i verk vedtaket frå 04.10.2016, og legg til grunn at ombygging og nybygg ved Laksevåg vert prioritert tidleg i investeringsplanen.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen setje i verk tiltak som ivaretek det gode samarbeidet med næringslivet når det gjeld læreplassar slik at ein kan vidareføra desse etter ombygginga.

## Protokollmerknad frå Frp

Grunnet posisjonens forsikringer om at det er tatt høyde for fremtidig økning av studentantall, gir Frp sin tilslutning til posisjonens forslag.

## PS 23/17 Produksjonsskule og fylkeskommunal aktivitet på Hjeltnes

### Forslag til innstilling

- 1 I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande projektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Statleg finansiering må vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskule kan tidlegast gjerast i 2018. Tidlegast start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.
- 2 I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggsløyving i fylkestinget i mars 2018.
- 3 I perioden frå 01.08.2017 til 31.07.2018 skal Hjeltnes ha ei mellombels drift med eit lågast mogleg kostnadsnivå og ei minimumsbemanning som skissert i saksutgreiinga. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomen mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.
- 4 Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.
- 5 Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.
- 6 Dersom det ikkje er på plass statleg driftstilskot til produksjonsskule innan utgangen av 2017, vil fylkesrådmannen be fylkestinget i mars 2018 ta stilling til om ein enten skal starte produksjonsskule 100 % finansiert av fylkeskommunen eller om ein skal avslutte fylkeskommunal aktivitet og starte ein prosess med å selje/avhende eller pakte ut dei resterande eigedomane.

## Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.01.2017

### Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

- 1 I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtaks punkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Statleg finansiering må vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskule kan tidlegast gjerast i 2018. Tidlegast start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.
- 2 I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggsøyving i fylkestinget i mars 2018.
- 3 I perioden frå 01.08.2017 til 31.07.2018 skal Hjeltnes ha ei mellombels drift med eit lågast mogleg kostnadsnivå og ei minimumsbemanning som skissert i saksutgreiinga. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomen mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.
- 4 Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.
- 5 Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.
- 6 Dersom det ikkje er på plass statleg driftstilskot til produksjonsskule innan utgangen av 2017, vil fylkesrådmannen be fylkestinget i mars 2018 ta stilling til om ein enten skal starte produksjonsskule 100 % finansiert av fylkeskommunen eller om ein skal avslutte fylkeskommunal aktivitet og starte ein prosess med å selje/avhende eller pakte ut dei resterande eigedomane.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.02.2017**

**Rosalind Fosse (FrP)** sette fram fylgjande forslag på vegne av partiet Høyre og partiet Fremskrittpartiet:

1. Fylkestinget tar til etterretning at søknad om statlig finansiering til produksjonsskule på Hjeltnes ikke har ført frem.
2. Fylkestinget ønsker ikke å jobbe videre med å få etablert produksjonsskule på Hjeltnes. Skolens bygninger og eiendommer legges ut for salg.
3. det tas kontakt med Ulvik Herad om de har interesse av kjøp av eiendommene.

**Alexander Fosse Andersen (SP)** sette fram fylgjande forslag på vegne av Ap, Krf, Sp, V, MDG, SV og Rødt:

Nytt punkt 3:

-Avgjersle om mellombels drift vert teke etter naudsynte avklaringar med sentrale styresmakter fram mot Fylkestinget mars 2017.

-Punkt 6 strykast.

### **Røysting:**

Forslaget innstilling frå Alexander Fosse Andersen med fleire vart vedteke mot 4 røystar frå partiet Høyre og partiet Fremskrittpartiet.

### **Vedtak**

- 1 I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Statleg finansiering må vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskule kan tidlegast gjerast i 2018. Tidlegast start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.
- 2 I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggsløyving i fylkestinget i mars 2018.
- 3 Avgjersle om mellombels drift vert teke etter naudsynte avklaringar med sentrale styresmakter fram mot Fylkestinget mars 2017.
- 4 Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.
- 5 Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.

#### **Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 15.02.2017**

**Roald Stenseide (FrP)** sette fram fylgjande forslag på vegner av H og FrP:

1. Fylkestinget tar til etterretning at søknad om statlig finansiering til produksjonsskule på Hjeltnes ikke har ført frem.
2. Fylkestinget ønsker ikke å jobbe videre med å få etablert produksjonsskule på Hjeltnes. Skolens bygninger og eiendommer legges ut for salg.
3. Det tas kontakt med Ulvik Herad om de har interesse av kjøp av eiendommene.

**Roald Kvamme (A)** sette fram følgjande forslag ( same som innstilling til fylkesutvalet frå utval for opplæring og helse):

- 1 I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Statleg finansiering må vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskule kan tidlegast gjerast i 2018. Tidlegast start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.
- 2 I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggsløyving i fylkestinget i mars 2018.
- 3 Avgjersle om mellombels drift vert teke etter naudsynte avklaringar med sentrale styresmakter fram mot Fylkestinget mars 2017.
- 4 Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for

fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.

- 5 Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.

### **Røysting.**

Kvamme sitt forslag vart vedtek som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster ( Frp, H) for Stenseide sitt forslag.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

- 1 I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Statleg finansiering må vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskule kan tidlegast gjerast i 2018. Tidlegast start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.
- 2 I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggslyyving i fylkestinget i mars 2018.
- 3 Avgjersle om mellombels drift vert teke etter naudsynte avklaringar med sentrale styresmakter fram mot Fylkestinget mars 2017.
- 4 Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.
- 5 Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.02.2017**

**Roald Stenseide (FrP)** sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

1. «Fylkestinget tar til etterretning at søknad om statlig finansiering til produksjonsskule på Hjeltnes ikke har ført frem.
2. Fylkestinget ønsker ikke å jobbe videre med å få etablert produksjonsskule på Hjeltnes. Skolens bygninger og eiendommer legges ut for salg.
3. Det tas kontakt med Ulvik Herad om de har interesse av kjøp av eiendommene.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Innleiing til punkt 1:  
Hordaland fylkeskommune stør opp om arbeidet med å etablere produksjonsskule på Hjeltnes....  
(ellers som før)

Tillegg til punkt 1:

Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Det vert oppretta ei 100 % prosjektstilling som skal arbeide med dette i samarbeid med Ulvik herad. Stillinga skal plasserast på Hjeltnes.

Til erstatning for punkt 6:

Dersom det ikkje er på plass statleg driftstilskot til produksjonsskule innan utgangen av 2017, vil fylkesrådmannen be fylkestinget i mars 2018 ta stilling til om ein skal starte produksjonsskule 100 % finansiert av fylkeskommunen.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV, A, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 3:

I perioden frå 01.08.2017 til 31.07.2018 skal Hjeltnes ha ei mellombels drift som skissert i saksutgreiinga. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomene mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.»

### **Røysting**

Stenseide sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Tomren sitt forslag, innleiing til punkt 1 fekk 9 røyster (MDG, SV, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Tomren sitt forslag, tillegg til punkt 1 fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Innstillinga punkt 1 fekk 9 røyster (V, SV, KrF, Sp, A) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 5 røyster (H, Frp).

Innstillinga punkt 3 fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Oen sitt forslag punkt 3 fekk 9 røyster (SV, V, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling punkt 4 og 5 fekk 10 røyster (V, MDG, SV, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Tomren sitt forslag punkt 6 fekk 1 røyst (MDG) og fall.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Hordaland fylkeskommune står opp om arbeidet med å etablere produksjonsskule på Hjeltnes.

I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Statleg finansiering må vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskule kan tidlegast gjerast i 2018. Tidlegast start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.

2. I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggsøyving i fylkestinget i mars 2018.
3. I perioden frå 01.08.2017 til 31.07.2018 skal Hjeltnes ha ei mellombels drift som skissert i saksutgreiinga. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomene mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.
4. Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.



5. Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.

### Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2017

**Emil Gadolin (A)** sette på vegner av Ap, SV, Sp og KrF fram slikt forslag:

Alternativ:

1. Hordaland fylkeskommune stør opp om arbeidet med å etablere produksjonsskule på Hjeltnes.

I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. I det vidare arbeidet skal prosjektgruppa supplerast med ein representant frå Hjeltnes/Ulvik. Statleg finansiering bør vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysing av stilling som dagleg leiar av produksjonsskulen skal gjerast så snart finansiering av tilbodet er på plass. Tidligaste start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.

2. I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggslyvving i fylkestinget i mars 2018.
3. I perioden fram til 08.2018 skal ein oppretthalde mellombels drift på Hjeltnes. Det inkluderar fagskuletilbod for aborist, Vg2 Landbruk og gartnarnæring (vaksenopplæring). Kantine- og internatdrifta skal oppretthaldast dei dagane det er elevar/studentar på skulen. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomen mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.
4. Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.
5. Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.

**Rosalin Fosse (Frp)** sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

Alternativ:

1. «Fylkestinget tar til etterretning at søknad om statlig finansiering til produksjonsskule på Hjeltnes ikke har ført frem.
2. Fylkestinget ønsker ikke å jobbe videre med å få etablert produksjonsskule på Hjeltnes. Skolens bygninger og eiendommer legges ut for salg.
3. Det tas kontakt med Ulvik Herad om de har interesse av kjøp av eiendommene.»

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Dersom Stortinget i revidert nasjonalbudsjett alt våren 2017 vil gå inn for å medverke til oppstart av produksjonsskule på Hjeltnes, kan denne framdriftsplanen kunne verte forsert.

Hordaland fylkesting vil difor sterkt oppmode regjeringa og Stortinget om å ivareta dette behovet»

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av Frp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Hordaland fylkeskommune ønsker at fylkestinget får fremlagt en politisk sak som vurderer fremtidig behov for produksjonsskoler. Da basert på en sammensatt vurdering, og ikke bare på hvilke ledige lokaler/bygningsmasse Hordaland fylkeskommune har.»

### **Røysting.**

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Fosse sitt forslag fekk 19 røyster (Frp, H) og fall.

Gadolin sitt forslag fekk 38 røyster (A, Krf, Sp, SV, V, MDG, R) og vart vedteke.

Kollbotn sitt forslag fekk 38 røyster (A, Krf, Sp, SV, V, MDG, R) og vart vedteke.

Hjemdal sitt forslag fekk 22 røyster (Frp, H, V,) og og vert difor ikkje oversendt.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune stør opp om arbeidet med å etablere produksjonsskule på Hjeltnes.

I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. I det vidare arbeidet skal prosjektgruppa supplerast med ein representant frå Hjeltnes/Ulvik. Statleg finansiering bør vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskulen skal gjerast så snart finansiering av tilbodet er på plass. Tidligaste start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.

2. I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggsløyving i fylkestinget i mars 2018.
3. I perioden fram til 08.2018 skal ein oppretthalde mellombels drift på Hjeltnes. Det inkluderar fagskuletilbod for aborist, Vg2 Landbruk og gartnarnæring (vaksenopplæring). Kantine- og internatdrifta skal oppretthaldast dei dagane det er elevar/studentar på skulen. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomene mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.
4. Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.
5. Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.
6. Dersom Stortinget i revidert nasjonalbudsjett alt våren 2017 vil gå inn for å medverke til oppstart av produksjonsskule på Hjeltnes, kan denne framdriftsplanen kunne verte forsert.

Hordaland fylkesting vil difor sterkt oppmode regjeringa og Stortinget om å ivareta dette behovet

## **PS 24/17 Retningslinjer for namnesetting - vidaregåande skular i Hordaland**

### **Forslag til innstilling**

1. Vidaregåande skular i Hordaland skal i hovudsak gjevast namn etter lokale stadnamn.
2. I større kommunar med fleire skular kan det etter vurdering nyttast til dømes personnamn.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.02.2017**

Rosalind Fosse (Frp) sette fram fylgjande forslag på vegne av partia Frp, H, V og MDG:

*«I navnesetting av vidaregåande skoler kan det benyttes både stedsnavn og personnavn.*

*Ved sammenslåing av skoler må det vurderes særskilt hvilke navn som har størst markeds effekt og hvilke elevgrupper som skal nås».*

Partia A, RV, SV, KrF, SP og MDG sette fram forslag om å stryke punkt 2 i forslag til innstillinga.

### **Røysting:**

Forslaget til Frp, H, V og MDG fall med 7 røyster.

Forslag til A, SV, KrF og Sp vart vedteke.

### **Vedtak**

Vidaregåande skular i Hordaland skal i hovudsak gjevast namn etter lokale stadnamn.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017**

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

*«I navnesetting av vidaregåande skoler kan det benyttes både stedsnavn og personnavn. Ved sammenslåing av skoler må det vurderes særskilt hvilke navn som har størst markeds effekt og hvilke elevgrupper som skal nås».*

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget med 8 røyster mot 7 røyster (Frp, H, MDG, V) for Stenseide sitt forslag.

### **Innstilling til fylkestinget**

Vidaregåande skular i Hordaland skal i hovudsak gjevast namn etter lokale stadnamn.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2017**

Det var 56 representantar tilstades.

**Roald Stenseide (Frp)** sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

*«I navnesetting av vidaregåande skoler kan det benyttes både stedsnavn og personnavn. Ved sammenslåing av skoler må det vurderes særskilt hvilke navn som har størst effekt og hvilke elevgrupper som skal nås».*

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteke med 32 røyster mot 24 røyster (Frp, MDG, H, V) for Stenseide sitt forslag.

### **Vedtak**

Vidaregåande skular i Hordaland skal i hovudsak gjevast namn etter lokale stadnamn.

## **PS 25/17 Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Hordaland fylkeskommune - Val av revisor**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vel ..... som revisor frå 01.07.2016 til 30.06.2021.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.02.2017**

#### **Handsaming i møte**

Deler av møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3.

Kontrollsjef, Hogne Haktorson, og seniorrådgjevar, Roald Breistein, i sekretariatet presenterte det endelege resultatet av evalueringa av det innkomne tilbodet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

På bakgrunn av evalueringa innstiller kontrollutvalet på at Deloitte AS vert vald som revisor for Hordaland fylkeskommune i perioden 01.07.2017 til 30.06.2021.

Etter dette vart slik innstilling samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2016 til 30.06.2021.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2017**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2016 til 30.06.2021.

## **PS 26/17 Målbruksplan for Hordaland fylkeskommune**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtek Målbruksplan for Hordaland fylkeskommunen, vedlegg 1 til denne saka.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017**

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget vedtar at Hordaland skal bli 2-språklig. Det utarbeides nye retningslinjer og målbruksplan.»

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 13 røyster mot 2 røyster (Frp) for Stenseide sitt forslag.

#### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget vedtek Målbruksplan for Hordaland fylkeskommunen, vedlegg 1 til denne saka.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2017**

Det var 56 representantar tilstades.

**Christoffer Thompson (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:  
Administrasjonsspråket i Hordaland fylkeskommune skal være på både nynorsk og bokmål.  
Det innarbeides i retningslinjer og målbruksplan.»

## **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.  
Thomsen sitt forslag fekk 6 røyster (Frp) og fall.

## **Vedtak**

Fylkestinget vedtek Målbruksplan for Hordaland fylkeskommunen, vedlegg 1 til denne saka.

## **PS 27/17 Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Forslag til innstilling**

Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert vedteke slik den ligg føre.

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017**

## **Vedtak**

Rådet seier seg nøgde med Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert vedteke slik den ligg føre.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2017**

Det var 56 representantar tilstades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert vedteke slik den ligg føre.

## **PS 28/17 Endringar i reglement for "Godtgjersle til folkevalde"**

### **Forslag til innstilling**

Det vert gjort slike endringar i «Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune»:

Nye tillegg.

1. Pkt.5.2 Erstatning for påførte utgifter 3. avsnitt.

Dersom den folkevalde midlertidig oppheld seg utanfor fylket på grunn av arbeid, utdanning eller avtjening av verneplikt. o.l. skal ein likevel få dekka reiseutgifter . Med midlertidig vert det lagt til grunn at dette er inntil 2 år.

Ein må i kvart høve vurderer totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekka dette og om dei er naudsynte.

2. Pkt.9. Pensjon- og forsikringsordningar. Sjukeløn.

For folkevalde som har tillitsverv i Hordaland fylkeskommune tilsvarande 50% stilling vert det betalt løn under sjukdom etter dei same reglar som gjeld for fylkeskommunen sine tilsette.

Føresetnaden er at ein har tiltrådt vervet, og at sjukeløn ikkje vert betalt ut over den perioden ein er vald for.

Ein føresetnad for utbetaling er at sjukefråværet vert dokumentert med sjukemelding.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017**

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Pkt.1

Folkevalde som oppheld seg utanfor fylket grunna jobb, verneplikt eller utdanning skal få dekt sine reiseutgifter.

Ein må i kvart høve vurdera totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekkja dette og om dei er naudsynte.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 9 røyster mot 6 røyster (Frp, H, V) for Stenseide sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget

### **Innstilling til fylkestinget**

Det vert gjort slike endringar i «Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune»:

Nye tillegg.

1. Pkt. 5.2 Erstatning for påførte utgifter 3. avsnitt.

Dersom den folkevalde midlertidig oppheld seg utanfor fylket på grunn av arbeid, utdanning eller avtjening av verneplikt. o.l. skal ein likevel få dekkja reiseutgifter . Med midlertidig vert det lagt til grunn at dette er inntil 2 år.

Ein må i kvart høve vurdera totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekkja dette og om dei er naudsynte.

2. Pkt. 9. Pensjon- og forsikringsordningar. Sjukeløn.

For folkevalde som har tillitsverv i Hordaland fylkeskommune tilsvarande 50% stilling vert det betalt løn under sjukdom etter dei same reglar som gjeld for fylkeskommunen sine tilsette. Føresetnaden er at ein har tiltrådt vervet, og at sjukeløn ikkje vert betalt ut over den perioden ein er vald for.

Ein føresetnad for utbetaling er at sjukefråværet vert dokumentert med sjukemelding.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2017**

Det var 56 representantar tilstades.

**Silje Hjemdal (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Det blir gjort følgende endringer i «Reglement for godtgjøring for folkevalgte i Hordaland fylkeskommune».

1. Pkt. 5.2. Erstatning for påførte utgifter. 3. avsnitt.

Dersom den folkevalgte midlertidig oppholder seg utenfor fylket grunnet arbeid, utdanning eller verneplikt o.l. skal reiseutgiftene dekkes.

2. Pkt.9. Pensjon og forsikringsordninger. Sykelønn.

For folkevalgte som har tillitsverv i Hordaland fylkeskommune blir det betalt lønn under sykdom etter samme regler som fylkeskommunens ansatte. Forutsetningen er at en har

tiltrådd vervet. Lønnen bergrenser seg til den perioden som man er valgt for. Det må fremlegges dokumentert sykemelding.»

**Jon Askeland (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett»

**Røysting** (til utsetjing)

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Saka vert utsett.

## **PS 29/17 Søknad om fritak frå verv**

### **Forslag til innstilling**

1. Sigbjørn Framnes får fritak frå verv som styremedlem i Sunnhordland museum.
2. Fylkestinget gjer slike nyval:  
Nytt styremedlem i Sunnhordland museum:

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2017**

**Gunnar Bakke (Frp) og May Eva Sandvik (H)** stilte spørsmål om dei var inhabile. Bakke fordi han er foreslått som nytt medlem i Sunnhordland museum. Sandvik er varamedlem i Sunnhordland museum og har møtt i styret. Representantane gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Gunnar Bakke og May Eva Sandvik var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd a. og § 6, 1. ledd e.

Gunnar Bakke og May Eva Sandvik gjekk frå under behandlinga av saka.

Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Sigbjørn Framnes får fritak frå verv som styremedlem i Sunnhordland museum.
2. Fylkestinget gjer slike nyval:  
Nytt styremedlem i Sunnhordland museum: Gunnar Bakke.

## **PS 30/17 Ymse**

### **Saksprotokoll i fylkestinget – 07. - 08.03.2017**

#### **SAKSBEHANDLING**

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje:

- 7. mars: PS 11-17, 21-22/17
- 8. mars: PS 18, 25, 19-20, 23-24, 26-29/17

## OPNING AV FYLKESTINGET – 07.03.2017

Til å skriva under møteboka saman med fylkesordføraren vart Natalie Golis og Roald Kvamme valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skriva under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Kunstnerisk leiar for Borealis, Peter Meanwell, informerte kort om Borealisfestivalen. Fem songarar frå Griegakademiet framførte ein del av verket BeSpoke.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.  
Fylkesrådmannen heldt sin tale.

## ORDSKIFTET ETTER TALANE

Etter talane var det ordskiye. 14 representantar hadde ordet.

I samband med ordskiye sette **Nils T. Bjørke (Sp)** fram slikt forslag til fråsegn til Hordalandsbenken på Stortinget, Regjeringa og Samferdselsdepartementet:

### «E16 og Vossebanen må prioriterast i fyrste del av ny NTP

E16 mellom Voss og Arna og Vossabanen vart i grunnlagsdokumentet frå fagetatane lagt inn som bunde prosjekt med oppstart i fyrste del av ny nasjonal transportplan (NTP). Samferdsledepartementet har i oppdragsbrev til etatane bede dei om å planlegga ut frå oppstart av prosjektet i 2021.

Hordaland fylkesting er difor svært uroleg over meldinga frå regjeringa om at oppstart er utsett til andre periode, og dermed ikkje lengre prioritert som bunde prosjekt. Slik regjeringa no prioriterer vil det gå ytterligere 17 år før ny veg/bane kjem.

Våre argument for denne vegen og banen burde vera kjent, men me gjentek: E16 og Vossebanen har for lengst passert sine beste år. Både veg og bane må skrotast og nytt byggast. E16 har krevd alt for mange menneskeliv og alvorlege personskadar. Dei siste 17 åra har det skjedd 30 dødsulykker, 584 personskadeulykker og 338 skred på denne strekninga. Vegen er meir stengt enn fjellovergane om vinteren og Vossabanen slit med regulariteten når rasa går. Næringslivet sin aktivitet i store delar av Hordaland heng jamleg i ein tynn tråd. Vossabanen køyrer framleis på ein trase som var ferdig for 130 år sidan!

Me har sett vår lit til regjeringa sine eigne ord, nemleg at ved rask planlegging og gode prosessar ville ein sikra rask oppstart. Handlekraft var mantraet. Difor har me sagt ja til statleg plan. Me har snudd oss rundt, gjennomført analysar og er budd på konsekvensane av ny veg og bane, men til inga nytte. Me støttar folkekravet om å prioritera E16 og Vossabanen snarast råd.

På grunnlag av dette kjem fylkestinget med eit klart krav til regjeringa og støttepartia: Når NTP endeleg vert lagt fram, må oppstart av E16 og Vossebanen vera i 2021. Berre slik kan vil de visa at de tek situasjonen for alle dei reisande på alvor!»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet. Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Det var 54 representantar tilstades.

**Nils Marton Aadland (H)** sette fram slikt alternativt forslag til fråsegn:

### «Fråsegn frå Hordaland fylkesting i samband med det som er kome fram frå regjeringa og samarbeidspartia om NTP 2018-2029

Hordaland fylkesting viser til informasjon frå regjeringa og samarbeidspartia knytt til Nasjonal Transportplan 2018 – 2029 (NTP). I eit felles innspelsdokument datert 12. mai 2016 har Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Bergens Næringsråd, NHO Hordaland og LO Hordaland prioritert viktige samferdselsprosjekt i Hordaland.

Fylkestinget står framleis bak prioriteringa som er gjort i dette dokumentet.



Med bakgrunn i regjeringa og samarbeidspartia sin informasjon om NTP vil Hordaland fylke­sting presisere følgjande:

### **E16 mellom Voss og Arna og Vossabanen**

­ Dette prosjektet vart i grunnlagsdokumentet frå fagetatane lagt inn som bunde prosjekt med oppstart i første del av ny NTP. Samferdsledepartementet har i oppdragsbrev til etatane bede dei om å planlegga ut frå oppstart av prosjektet i 2021.

Hordaland fylke­sting er uroleg over meldinga om at oppstart er utsett til andre periode, og dermed ikkje lengre er prioritert som eit bunde prosjekt.

Hordaland fylke­sting oppmodar regjeringa og støttepartia om at når NTP vert lagt fram, må det vere med oppstart av E16 og Vossebanen i 2021.

### **Ferjefri E39**

­ Det er positivt at regjeringa peikar på trongen for å realisere E39 Ringveg aust og E39 Hordfast.

Hordaland fylke­sting registrerer at regjeringa så langt ikkje har kommentert prosjektet E39 Vågsbotn-Nordhordlandsbrua i samband med NTP.

Fylke­stinget ber om at det blir sett av planmidlar til dette prosjektet i første periode. Byggj­start må skje så snart som mogleg, og før dei andre parsellane på E39 Ringveg aust. Dette grunna den svært store (24 000 ADT) og stadig aukande trafikken på E39 Vågsbotn – Nordhordlandsbrua.

Hordaland fylke­sting er opptatt av at E39 Hordfast blir realisert så snart som råd, med moglegheit for oppstart før 2024 ved forskotering basert på førehandsinnkreving av bompengar. Som regjeringa vil også Hordaland fylke­sting peike på trongen for kostnadsredu­serande tiltak på prosjektet.

### **Rv 555 Sotrasambandet**

Hordaland fylke­sting er nøgd med at Rv 555 Sotrasambandet får oppstart i 1. fase av NTP.

Hordaland fylke­sting viser elles til innspelsdokument datert 12. mai 2016 frå Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Bergens Næringsråd, NHO Hordaland og LO Hordaland.»

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av Frp fram slik protokollmerknad:

«Frp vil vente med sin uttalelse til NTP er lagt fram fra Regjeringen.»

### **Røysting**

Aadland sitt forslag fekk 14 røyster (H, V) og fall.  
Bjørke sitt forslag vart vedteke mot 17 røyster (H,Frp).

### **Vedtak**

#### **E16 og Vossebanen må prioriterast i fyrste del av ny NTP**

E16 mellom Voss og Arna og Vossabanen vart i grunnlagsdokumentet frå fagetatane lagt inn som bunde prosjekt med oppstart i fyrste del av ny nasjonal transportplan (NTP). Samferdsledepartementet har i oppdragsbrev til etatane bede dei om å planlegga ut frå oppstart av prosjektet i 2021.

Hordaland fylke­sting er difor svært uroleg over meldinga frå regjeringa om at oppstart er utsett til andre periode, og dermed ikkje lengre prioritert som bunde prosjekt. Slik regjeringa no prioriterer vil det gå ytterligare 17 år før ny veg/bane kjem.

Våre argument for denne vegen og banen burde vera kjent, men me gjentek: E16 og Vossebanen har for lengst passert sine beste år. Både veg og bane må skrotast og nytt byggast. E16 har krevd alt for mange menneskeliv og alvorlege personskadar. Dei siste 17 åra har det skjedd 30 dødsulykker, 584 personskadeulykker og 338 skred på denne strekinga. Vegen er meir stengt enn fjellovergangane om vinteren og Vossabanen slit med regulariteten når rasa går. Næringslivet sin aktivitet i store delar av

Hordaland heng jamleg i ein tynn tråd. Vossabanen køyrer framleis på ein trase som var ferdig for 130 år sidan!

Me har sett vår lit til regjeringa sine eigne ord, nemleg at ved rask planlegging og gode prosessar ville ein sikra rask oppstart. Handlekraft var mantraet. Difor har me sagt ja til statleg plan. Me har snudd oss rundt, gjennomført analysar og er budd på konsekvensane av ny veg og bane, men til inga nytte. Me støttar folkekravet om å prioritera E16 og Vossabanen snarast råd.

På grunnlag av dette kjem fylkestinget med eit klart krav til regjeringa og støttepartia: Når NTP endeleg vert lagt fram, må oppstart av E16 og Vossebanen vera i 2021. Berre slik kan vil de visa at de tek situasjonen for alle dei reisande på alvor!

#### **Protokollmerknad frå Frp.**

Frp vil vente med sin uttalelse til NTP er lagt fram fra Regjeringen.

I samband med ordsiftet sette **Terje Kollbotn (R)** fram slikt forslag til fråsegn til Hordalandsbenken på Stortinget og Helse Vest:

#### **«Fråsegn frå hordaland fylkesting den 8. mars 2017 om den akuttkirurgiske beredskapen ved Odda sjukehus**

Hordaland fylkesting ser det som særskild avgjerande at den naudsynte kirurgiske akuttberedskapen ved lokalsjukehuset i Odda vert vidareført som i dag. Fylkestinget syner til at det einaste lokalsjukehuset i Hardanger har svært utfordrande geografi, topografi, og vanskelege veg- og vèrtilhøve. Fylkestinget vil difor sterkt understreka at Odda sjukehus framleis må ha eit akuttkirurgisk døgntilbod.

Hordaland fylkesting vil og minne om sitt samrøystes vedtak den 9. desember 2015 om at lokalsjukehusa på Stord og i Odda treng både medisinsk og kirurgisk akuttberedskap for å sikre eit fullverdig lokalsjukehus

Hordaland fylkesting oppmodar difor styret i Helse Vest i sitt styremøte den 4. april om å leggje avgjerande vekt på dei samstemte fråsegnene for fortsatt akuttkirurgi frå helsepersonellet ved Odda sjukehus, fastlegane, alle dei politiske organa i Odda lokalsjukehusområde og heile organisasjonslivet og næringslivet i dette distriktet.»

Det var 53 representantar tilstades.

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget og vedtok deretter samrøystes forslaget.

#### **Vedtak**

#### **Fråsegn frå hordaland fylkesting den 8. mars 2017 om den akuttkirurgiske beredskapen ved odda sjukehus**

Hordaland fylkesting ser det som særskild avgjerande at den naudsynte kirurgiske akuttberedskapen ved lokalsjukehuset i Odda vert vidareført som i dag. Fylkestinget syner til at det einaste lokalsjukehuset i Hardanger har svært utfordrande geografi, topografi, og vanskelege veg- og vèrtilhøve. Fylkestinget vil difor sterkt understreka at Odda sjukehus framleis må ha eit akuttkirurgisk døgntilbod.

Hordaland fylkesting vil og minne om sitt samrøystes vedtak den 9. desember 2015 om at lokalsjukehusa på Stord og i Odda treng både medisinsk og kirurgisk akuttberedskap for å sikre eit fullverdig lokalsjukehus

Hordaland fylkesting oppmodar difor styret i Helse Vest i sitt styremøte den 4. april om å leggje avgjerande vekt på dei samstemte fråsegnene for fortsatt akuttkirurgi frå helsepersonellet ved Odda sjukehus, fastlegane, alle dei politiske organa i Odda lokalsjukehusområde og heile organisasjonslivet og næringslivet i dette distriktet.

I samband med ordskiftet sette **Daniel Charles Hextall (SV)** på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag til utval for opplæring og helse og fylkesrådmannen:

«Fylkestinget ber utval for opplæring og helse om å sjå på moglegeheiten for å utgreie ei idrettslinje knytt til yrkesfag.»

### **Røysting**

Hextall sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegne av forslagstillaren utan realitetsbehandling.

### **YMSE – 08.03.2016**

#### **Årets kulturkommune i Hordaland.**

Fjell kommune vart kåra til «Årets kulturkommune i Hordaland». Fungerande fylkesordfører Pål Kårbø tildelte utmerkinga til ordfører Marianne Sandal Bjørøy og kultursjef Lennart Fjell, som tok imot prisen.

Juryen grunngav pristildelinga med at Fjell kommune gjennom ei tverrpolitisk overordna og langsiktig satsing har hatt kultur som prioritert arbeidsfelt. Kommunen har i ei årrekke arbeidd for kulturarven og korleis denne skal takast vare på for kommande generasjonar. Satsinga er utvida til å omfatte eit heilskapleg kultur- og idrettsområde.

Med dette er Fjell kommune Hordaland sin kandidat til den nasjonale utmerkinga Årets kulturkommune.